Den kristne høgres frammarsj i USA fører stadig oftare til konfliktar innanfor høgare utdanning. I California har ein kristen skule stemt University of California-systemet for retten ettersom dei opptaksansvarlege ved universitetet har nekta å godkjenne ein del av kursa ved skulen som kvalifiserande for oppnak. Det dreier seg blant anna om kurs i biologi der skulen har hatt spesielle lærebøker som universitetet meiner at ikkje er "konsistente med synspunkta og kunniskapen som er allment akseptert i det vitskaplege miljøet". I klartekst gjeld det at dei høgrekristne skulane ofte underviser om "intelligent design" som eit alternativ til den utviklingslæra som dei meiner er i strid med bodskapen i Bibelen. Ved Iowa State University har samtidig 140 vitskapleg tilsette underteikna eit opprop mot kravet om at "intelligent design" skal verte presentert som ein alternativ forklæringsmodell i den akademiske undervisinga òg.

## Kampanje om britiske avgifter

Den britiske regjeringa fryktar at høgare studieavgifter frå neste år skal skremme vekk studentar frå mindre studievande miljø. Derfor driv dei i haust ein opplysningskampanje via pressa, radio, tv og Internett, om dei økonomiske vilkåra som gjeld i den nye ordninga. Den ansvarlege ministeren, Bill Rammell, seier til pressa at det finst mange mytar om korleis det nye systemet kjem til å fungere. På bakgrunn av dei dystre profetiane, vil han presentere eit ljósare bilet. Han meiner at det vert meir økonomisk støtte enn dei fleste anar, og at dei som er därleg stilt økonomisk, ikkje treng betale tilbake. Mange universitet har dessutan stifta eigne stipendfond.

## Rekruttering

# Utenlandske jobbsøkere

– Jeg opplever at det norske snakket om internasjonalisering bare er talemåter, sier den tyske litteraturviteren Ortrun Niethammer. Hun ble innstilt som nummer én på en stilling ved Universitetet i Tromsø for så å oppleve at stillingen ble trukket tilbake.

Sommeren 1998 ble det lyst ut en stilling i tysk litteraturvitenskap ved Universitetet i Tromsø (UiTØ). Annonsen stod blant annet i den tyske avisen Die Zeit. 30 søkerar meldte seg. De fleste var fra Tyskland. Litt over ett år senere var innstillingen fra den sakkyndige komiteen klar. Dr. phil. habil Ortrun Niethammer fra Tyskland ble innstilt på første plass.

Hun fikk muntlig tilslagn om at hun trolig ville få stillingen, og begynte på norskkurs hjemme i Tyskland. Så ble stillingen plutselig trukket tilbake uten at Niethammer fikk noen god begrunnelse for dette. Senere ble den samme stillingen lyst ut på nytt. Da hadde kona til en av de vitenskapelig ansatte ved tyskavdelingen ved UiTØ, doktorert. Hun søkte og fikk stillingen. Ingen annonser hadde blitt satt inn i tyske media.

## Fikk ikke svar

Niethammer følte seg makteslös under prosessen, sier hun til Forskerforum.

– Da innstillingen ble klar i oktober 1999, fikk jeg muntlig beskjed fra UiTØ om at jeg måtte komme opp og sjekke ut forholdene. Jeg likte hva jeg så, ble en uke, så på leiligheter og barnehageplasser. Etter noen dager hadde jeg en samtale med dekan ved Humanistisk fakultet, og jeg ble litt forvirret av samtalen. Han ville ikke gi noen klare svar.

Så dro Niethammer tilbake til Tyskland og ventet på det formelle tilslagnet om at hun hadde fått stillingen. Ingenting skjedde. Hun tok derfor kontakt med UiTØ via e-post og brev. Hun fikk aldri svar. Men hun fortsatte å mase.

– I april 2000 fikk jeg et kort brev fra en saksbehandler om at stillingen ikke skulle bli besatt.

Niethammer stilt seg svært undrende til dette, blant annet fordi UiTØ hadde gitt henne klare signaler om at stillingen var finansiert og ville bli besatt. Niethammer sendte flere brev. Hun fikk aldri svar, hevder hun.

## Mellom to stoler

Niethammer prøvde også å ta kontakt med det norske Forskerforbundet. Hun fikk beskjed om at siden hun ikke var medlem av Forskerforbundet kunne de naturlig nok ikke hjelpe. Og siden hun ikke var ansatt ved en norsk institusjon, kunne hun heller ikke bli medlem. Etter dette tok Niethammer kontakt med det tyske forskerforbundet. De svarte at de ikke kunne ta saker i Norge og at det ikke var noe formelt samarbeid mellom det tyske forskerforbundet og det norske.

– Jeg følte meg helt makteslös. Jeg var falt mellom to stoler og fikk ingen informasjon.

I november 2004 holdt Niethammer en forelesningsrekke ved UiTØ. Da ble hun fortalt

at stillingen var besatt og at vedkommende som fikk den først hadde gått i stillingen som hjelpearer før doktorgraden var ferdig, og deretter fast en tid etter at hun hadde levert inn doktorsøknaden.

– Ingen fra UiTØ hadde tatt kontakt med meg for å fortelle at stillingen på ny var blitt ledig. Jeg så heller ingen annonser for den i tyske aviser, noe som kanskje var naturlig siden stillingen tidligere var lyst ut i Die Zeit. Jeg er skuffet over dette, siden jeg fortsatt gjerne ville ha stillingen.

– *Hva sa de ansatte ved tysk til deg da du var i Tromsø i fjor høst?*

– Det var det som var så rart. Ingen kom og snakket med meg. Ingen møtte opp på forelesingene mine. I Tyskland bruker vi å ta kontakt med gjesteforelesere.

## Rasende

Niethammer sier hun ikke er frustrert over det som har skjedd.

– Det er ikke et dekkende ord. Jeg er rasende. Jeg forstår det slik at norsk akademia vil være en del av et internasjonal miljø. Jeg har opplevd at dette bare er talemåter. Hvis dere vil ta andre hensyn enn de rent faglige, så er det greitt for meg. Men da burde dere i det minste si det rett ut.

Forskerforum har snakket med flere i fakultetledelsen ved humanistisk fakultet. De sier at stillingen ble temporaert trukket tilbake grunnet dårlig økonomi. Da økonomien ble bedre, ble den på ny lyst ut. Hvorfor den da ikke ble utlyst internasjonal, er det ingen av dem Forskerforum har snakket med som kan opplyse om. Svaret er at dette ligger en tid tilbake.

## Mer samarbeid nå

Kolbjørn Hagen er leder for det norske Forskerforbundet. Han vedgår at slike saker er et problem.

– Men problemene var større før. I takt med den økende internasjonaliseringen har vi de senere årene opprettet samarbeidsavtaler med stadig flere forbund. Vi har nå avtaler på plass med alle de nordiske samarbeidsforeningene. Vi har også hatt kontakt med Tyskland. Når nordmenn søker stillinger ute, skal de få hjelp av våre søsterorganisasjoner og motsatt.

– *Har dere mange slike saker?*

– Det varierer. Problemlene er at vi ikke alltid møter velvilje hos våre søsterorganisasjoner når vi spør om slike avtaler kan inngås. Men vi gjør vårt beste for at det skal bli bedre, noe det da også er blitt. Situasjonen er mye bedre enn bare for noen år siden, og om det er opp til oss, vil den bli enda bedre.

# maktesløse



Dr. phil. habil Ortrun Niethammer fra Tyskland ble innstilt på første plass til en stilling i tysk litteraturvitenskap ved Universitetet i Tromsø. Hun fikk muntlig tiltsagn om at hun trolig ville få stillingen. Så startet marerittet ... (Foto: Forskerforum)

## Fakta

**Utlendingene kommer til akademia**  
Antall utlendinger i vitenskapelige/faglige stillinger i universitets-, høyskole- og instituttsektoren ble omtrent doblet i løpet av 1990-tallet, og utgjorde i 2001 samlet omkring 12,5 prosent, ifølge tall fra Forskningsrådet. De fleste forskere i Norge med utenlands bakgrunn kommer fra OECD-land utenom Norden, men andelen som kommer fra de nordiske land er også betydelig. Universitetene har høyest andel utlendinger blant vitenskapelig personale i hovedstilling (ca 16 prosent), fulgt av vitenskapelige høyskoler (ca 12,5 prosent), instituttsektoren (ca 11 prosent) og statlige høyskoler (ca 7 prosent).

Fordelt på stillingskategorier ved universiteter og vitenskapelige høyskoler utgjør utlendinger 20 prosent av rekrutteringsstillinger inkludert post.doc., 14 prosent av professorer/lamanuenser/amanuenser og 14 prosent av eksternt finansierte. Fordelt på fagfelt finner man flest med utenlands bakgrunn innenfor matematikk/naturvitenskap (24 prosent), humaniora (21 prosent) og teknologifag (18 prosent) og færrest innenfor medisin (9 prosent) og landbruksfag og veterinærmedisin (9 prosent). Norden er sterkest representert innen humaniora.

## Ektefellenes tid snart en saga blott

Lars Nerdrum er forsker ved NIFU STEP og har studert internasjonalisering. Han sier at vi ikke vet noe om hvor vanlig en sak som den fra Tromsø er. Men allment kan vi kanskje si at nordmenn, som andre, er seg selv nærmest.

- I en undersøkelse gjennomført i 2003 svarte en tredjedel at de primært kom av faglige grunner, en tredjedel grunnet kjærlighet, og en tredjedel av andre grunner. Tyskere for eksempel vil gjerne til Tromsø på grunn av den ville naturen og det ekstreme været.

Rent generelt kan vi si at nesten en av fem opplevde at det var vanskelig å få godkjent sin utdanning i Norge, forteller Nerdrum. Men hele 70 prosent opplevde ingen faglige konflikter. Nerdrum mener at de som kommer er lite konfliktorienterte og ønsker at dette skal gå bra.

- Når du først har tatt avgjørelsen om å flytte til Norge, vitner det om at disse forskerne er svært fleksible.

- Hvem er disse som kommer av faglige grunner?

- Jeg bruker å dele dem inn i to kategorier.



Forsker ved NIFU STEP, Lars Nerdrum, mener de utenlandske forskerne som kommer til Norge stort sett er svært fleksible. (Foto: Ingar Myking)

De som gir blaffen i hvor de havner, de unge sultne forskerne som vil til et internasjonalt ledende miljø. Det klassiske eksempelet er geologi, hvor Norge er verdensledende på enkelte felt. Den andre typen er den litt mer etablerte som opplever at det butter litt mot hjemme. De blir ikke professorer, de mangler midler, de ønsker et skifte. De kan komme til Norge og få faste stillinger og godt utstyr.

Nerdrum sier at svært mye blir gjort for å bedre flyten av forskere.

- EU har opprettet en portal hvor man kan legge inn annonser og hvor man finner informasjon om hvor det er ledige stillinger. Forskningsrådet ønsker at den norske delen av denne portalen skal være best mulig.

- Så nå kan man utlyse stillinger internasjonalt for en billig penge?

- Ja, UiO har også ansatt et internasjonalt kontor som kan hjelpe til med etablering. Internasjonaliseringen er kommet for å bli. En del mindre institutter ønsker nok fortsatt å ansette ektefeller til dem som jobber der, men den tiden er i ferd med å gå over, er mitt inntrykk.

**Forsking**

# Ingen vil ha Nærings- og forskingsdepartementet

Trond Giske blir lansert som nærings- og forskningsminister i den nye regjeringa Stoltenberg. Men ingen synes det er ein god idé å flytte ansvaret for norsk forsking til Næringsdepartementet.

Dagsavisen var først ute med å spekulere i om den nye regjeringa kan komme til å slå saman forsking og næring til eitt departement, med Trond Giske som statsråd.

- Om vi treffer, er ikkje sikkert. Men teorien er ikkje tatt heilt ut av lause lufta, fortel Kjell-Erik Kallset, leiar av politisk avdeling i Dagsavisen.

Dagsavisen er kjent for å ha særleg god innsikt i Arbeidarpartiet og venstresida i norsk politikk. Kallset peikar på at Arbeidarpartiet har tradisjon for å sjå forsking og næring i samanheng, og sidan eitt av hovudmåla til SV er eit eige oppvekstdepartement, kan utdanning og forsking fort bli splitta.

**Ikkje første gongen**

Då den førre Stoltenberg-regjeringa vart etablert i 2000, var det lenge uklart om Grete Knudsen ville få ansvaret for forsking som næringsminister. Både Forskningsrådet og Regjerings forskningsutval (RFU) var i dei første vekene etter regjeringsutnemninga lagt under Næringsdepartementet. Det utvikla seg til ein makkamp internt i regjeringa der Trond Giske og Grete Knudsen



Trond Giske blir lansert som nærings- og forskningsminister. (Foto: Ingar Myking)

kjempa frå kvar sin kant om kven som skulle ha ansvaret for forskinga. Til slutt blei det oppnemt eit interdepartementalt utval, som etter ei tid konkluderte med at forskinga framleis hørde til saman med utdanning i eit eige departement.

Giske argumenterte på følgjande måte for at utdanning og forsking høyrer saman i same departement i Forskerforum nr. 6 2000:

"... tilgangen på kunnskap og sjansane til å ta utdanning er ein svært samfunnsskapande faktor og dermed nøkkelen til å lage eit rettferdig samfunn med like sjansar til alle, uavhengig av sosial bakgrunn. Slike perspektiv meiner eg eit overordna utdanningsdepartement kan ta seg betre av enn eit nærings- eller andre fagdepartement som finansierer forsking. Forskinga har mange ulike oppgåver. Ho skal heve det generelle kunnskapsnivået om samfunnet og sosiale prosessar, om naturen og allmenne vitakaplege spørsmål. Utover det er det klart forskinga òg skal ha klare praktiske funksjonar som å skape arbeidsplassar, bidra til næringssutvikling og produksjonsutvikling. KUF skal ha det koordinerande ansvaret for forsking, og utover det ser eg det som svært bra at andre departement bidreg både fagleg og finansielt til norsk forsking."

Men det var den gongen.

Grete Knudsen blei nyleg intervjua av Dagsavisen og argumenterte på ny for at forskinga bør ligge under Næringsdepartementet. Trond Giske kommenterer utspelet frå Grete Knudsen slik:

"Det finnes argumenter for begge deler. Jeg er enig med Grete Knudsen i at framtidig suksess i næringsslivet er avhengig av at vi får til forskning i verdensklasse og at næringsslivet kan anvende den på en god måte." Og videre: "Jeg har ikke lyst til gå inn i en diskusjon om departementsstruktur. Nå skal vi først bli enige om politikken, så får neste steg komme etterpå. Dette er en del av regjeringsdebatten."

**Lanseringskampanje for Giske?**

Informerte kjelder i SV og Ap vedgår overfor Forskerforum at forskinga sin plass i departementsstrukturen vil bli ei vanskeleg nøtt for regjeringa. Kravet frå SV om eit eige oppvekstdepartement opnar for at krefter i Arbeidarpartiet kan få gjennomslag for å flytte forsking over til næringssdepartementet. Få ser for seg eit tungt departement med ansvar for barnehage opp til høgare utdanning, pluss forsking. Enkelte peikar på at høgare utdanning og forsking til saman bør vere store nok til å utgjere eit eige departement. Andre at forsking med IT og litt



Tor-Arne Solbakken, LO, vil ikkje ha forskinga i Næringsdepartementet. (Foto: Scanpix)



Det vil heller ikkje Rolf Reikvam. (Foto: Ingar Myking)



Og slettes ikkje Kolbjørn Hagen. (Foto: Ingar Myking)

næringspolitikk burde vere eit bra grunnlag for eit sjølvstendig departement, slik dei har gjort det i Danmark. Det blir også spekulert i om Trond Giske driv aktiv lanseringskampanje for seg sjølv som minister for næring og forsking.

Vidar Bjørnstad representerer Arbeidarpartiet i KUF-komiteen og hevdar han ikkje kjenner til nokon debatt om å endre forskingas plass i departementsstrukturen. Men han ser at spørsmålet kan vere aktuelt.

- Det er gode argument for fleire løysingar. Det viktigaste er å ikkje stire seg blind på ein struktur. Ein viktig del av politikken innan forsking og utdanning dei siste åra har vore å få til eit betre samarbeid mellom forsking, akademia og næringssliv. Dette vil kome uansett departementsstruktur, seier Bjørnstad.

**Nei frå LO**

LO-systemet har tradisjonelt hatt sterkt innverknad på næringsspolitiken i Arbeidarpartiet. Men heller ikkje her jublar dei for ideen om å flytte forskinga over til næring.

# partement

Tor-Arne Solbakken er med i den sentrale leiinga av LO, og har følgt norsk utdannings- og forskingspolitikk tett over fleire år. Han er skeptisk til å lausrive forskinga frå høgare utdanning.

- Vi har ikkje drøfta saka internt i LO, men eg meiner absolutt at forskinga høyrer saman med høgare utdanning i den departementale strukturen.

I 2000, då Grete Knudsen lenge såg ut til å få ansvaret for koordineringa av forskinga frå Næringsdepartementet, var Solbakken nestleiar i NTL.

- Vi var imot å flytte forskinga då òg, seier han.

- Eit gjennomgangstema i forskingsmeldinga er å få til betre koplingar mellom universitet, høgskular, forskingsinstitutt og næringsliv. Skal vi få til eit betre samarbeid, meiner eg det er viktig at koordineringa skjer med utgangspunkt i eit utdannings- og forskingsdepartement, påpeikar Solbakken.

## Lei av oppvekst

Rolf Reikvam, leiar for KUF-komiteen er ikkje vidare begeistra for at det no har blitt ein debatt om kor forskinga høyrer heime i departementsstrukturen.

- Eg vil jobbe hardt imot at næring og forsking blir slått saman. Temaet har ikkje vore gjenstand for forhandlingar, men eg tippar det er Arbeidarpartiet som dreg i denne retninga, kommenterer han.

- Den tyngste forskinga i Noreg føregår ved utdanningsinstitusjonane. Forsking og høgare utdanning høyrer naturleg saman. Eg ser at ønsket frå SV om eit eige oppvekstdepartement kan føre til problem for forskinga i departementsstrukturen, men eg vil jobbe for at forsking og høgare utdanning er samla. Om det blir i eit eige departement eller saman med grunnskulen får vi sjå.

Reikvam vedgår at han ikkje har vore av dei mest entusiastiske tilhengarane av kongstanken til SV: eit eige oppvekstdepartement.

## La statsministeren styre!

Hans Skoie, spesialrådgivar ved NIFU STEP, og ein av landets fremste ekspertar på forskingspolitikk, meiner regjeringa Stoltenberg no bør nytte sjansen til å oppgradere den øvste policy-utforminga i norsk forsking. Skoie meiner tida no er inne for at statsministeren tek over leiinga av Regjeringas forskingsutval (RFU).

- Utdannings- og forskingsdepartementet har ikkje hatt ei heldig hand med koordineringa og samordningsfunksjonen av forskinga. Dette ser vi klarast med dei siste forskingsmeldingane - med løfte om vekst, men utan klar retning i satsingane. Vi må spørje kva vi vil med forskinga her i landet? Departementet er prega av ein for sterk undervisningsprofil, og kontakten med an-



Hans Skoie meiner statsministeren bør styre forskinga. (Foto: Ingar Myking)

vendt forsking og utviklingsarbeid er svak.

Skoie meiner at heller ikkje Næringsdepartementet er noko sterkt forskingsdepartement.

- Departementet har lenge vore for svakt, både på organisasjonsplanet og i ressurs-samanheng - også under Arbeidarpartiet. Dei treng ei opprusting, men eg vil åtvare mot at dei får ansvaret for koordineringa av all norsk forsking gjennom RFU. Den nasjonale koordineringa og satsinga bør overvaskast frå Statsministerens kontor. Kontoret har betre oversyn og større sjansar til å ta tak i problema om noko haltar i forskingspolitikken.

Ein slik modell er brukt blant anna i Finland med stort hell. Det var også Regjeringa Gerhardsen sitt forslag til modell i 1965.

- *Kva med koplinga mellom utdanning og forsking som mange fryktar vil bli svekt ved ei departemental skilsisse mellom utdanning og forsking?*

- Vi må hugse på at to tredjedelar av norsk forsking og utvikling går føre seg utanfor høgskulane og universitata. Dessutan er det sektoransvaret til UFD å integrere forskinga og undervisninga i universitata og høgskulane, seier Skoie.

## Akademia seier nei

Hittil har Universitets- og høgskolerådet gitt klar melding om dei ikkje ønskjer seg eit Nærings- og forskingsdepartement.

Heller ikkje leiar i Forskerforbundet, Kolbjørn Hagen, liker tanken på å flytte delar av forskinga over i eit nytt næringsdepartement.

- Forsking og høgare utdanning kan ikkje skiljast. Det overordna ansvaret for både grunnforskning og all anna forsking må ligge til same departement som har høgare utdanning. Stortinget har heile tida sagt at all høgare utdanning skal vere forskingsbasert. Då blir det meiningslaust å skilje dei, seier Hagen.

Av Ingar Myking

## Tysk-kinesisk samarbeid

For ti år sidan fanst det om lag 5 000 kinesiske studentar ved tyske universitet og høgskular. I dag er talet cirka 25 000. Mange av dessa studentane har kome til Tyskland som ledd i eit bilateralt samarbeid mellom tyske og kinesiske høgskular og universitet. Fagområda som dominerer er teknikk, økonomi og naturvitenskap. Ein ny vurderingsrapport viser at interessa for utanlandsstudiar har minka frå kinesisk side dei to siste åra. Ei årsak kan vere utbygginga av eigen utdanningskapasitet i Kina. Kinesiske styresmakter er for tida mest interesserte i samarbeid i form av felles studieløp der tyske førelesarar underviser ved universitet i Kina. Interessa for dette har òg auka frå dei tyske høgskulane og universiteta. Den tyske rektorkonferansen HRK arbeider med å utforme sams retningslinjer for denne typen samarbeid.

## Britiske studentar dreg sørover

Innføringa av studieavgifter frå neste år har ført til eit større trykk av søkjrarar på universiteta i England i haust. Tusentals studentar vert utan studieplass, og universitet i Australia og New Zealand har derfor prøvd å rekruttere britiske studentar. Dei marknadsfører seg med at dei nye avgiftene kombinert med høgare levekostnader i England gjer at det iallfall ikkje vert dyrare å studere på den andre sida av jordkloden. Leiga av ein hybel er til dømes langt billigare i Australia enn det vanlege i Storbritannia. Studentar kan òg få økonomisk hjelp gjennom stipend som fleire universitet har oppretta for å tiltrekke seg søkerar. Klimaet i Australia og New Zealand vert òg rekna som ein positiv rekrutteringsfaktor. Ettersom studieåret der startar etter sommarferien i februar, kan rekrutteringa foregå om hausten på den nordlege halvkula.

## Harvard og Princeton på topp

**USA:** Det er tid for dei tradisjonelle rankingane av universitet i U.S. News & World Report, men nokre store overraskinger er det ikkje i år. I klassen "National Universities" deler Harvard og Princeton fyrste plassen. Yale og University of Pennsylvania kjem på tredje- og fjerdeplass. Deretter fylgjer Duke, Stanford, Caltech og MIT. Columbia University og Dartmouth College deler niande plassen. Princeton Review har òg sett opp ein ranking som er basert på karakteristikkane frå 110 000 studentar rundt om i USA. Studentane ved Stanford er mest nøgde med lærestaden sin, og studentane ved St. John's college i Santa Fe er mest nøgde med professorane sine. Den noko tvilsame æra av å verte kåra til "Top Party School" fekk University of Wisconsin i Madison.

## UiS får ny nettportal

Universitetet i Stavanger (UiS) har inngått med kontrakt med Bouvet og Coretrek som skal lage ny nettportal for UiS, melder UiS Nettavis.

- Jeg er forventningsfull til prosessen. UiS-portalen vil kunne sette Universitetet i Stavanger i front når det gjelder kommunikasjonsflyt, sier UiS-direktør Per Ramvi til UiS Nettavis.

## Lønnspolitikk

# Liv, lønn, lære

Arbeidsgiverne ved universiteter, høgskoler og statlige institutter bruker i mye mindre grad virkemidlene i lokale lønnsforhandlinger enn andre arbeidsgivere i staten. Dette på tross av at de ønsker seg mer lønnsdifferensiering og premierung av faglig dyktighet.

Fafo-rapporten "Lokale forhandlinger i staten. Forsknings og undervisningssektoren", forfattet av Bård Jordfald, gir en oversikt over resultatet fra de lokale lønnsforhandlingene etter hovedoppgjøret i 2002. Oppgjøret var historisk i statssektoren. Aldri før har det blitt avsatt så mye penger til lokale oppgjør i staten, hele 2 prosent mot normalen på 0,5 prosent. Rapporten gir også en oversikt over både arbeidsgiveres og tillitsvalgtes holdninger til lokale lønnspolitiske spørsmål.

Et vesentlig skille mellom FoU-sektoren og andre statlige områder er at de førstnevnte har liten vilje til å legge inn egne midler i finansieringen av de årlige lønnsforhandlingene. "I 2002 var det en helt marginal andel av virksomhetene som tilførte mye midler", står det i rapportene om landets læresteder. Ett av 20 forhandlingssteder i FoU-sektoren la til det som i rapporten kalles "mye", i motsetning til departementene der forholdet var en av tre. Halvparten la ikke til noen midler i det hele, mens fire av ti FoU-virksomhetene la til marginalt med midler.

### Mindre opptatt av rekruttering

Lærestedene skilte seg også ut ved å bruke minst lokale forhandlinger i staten ut fra særlige grunnlag, eller såkalte 2.3.4-forhandlingene. Disse forhandlingene blir gjort dersom arbeidstagere har fått en vesentlig endring av arbeidsoppgavene som lå til grunn ved ansettelse, om det har blitt gjennomført effektiviseringsstiltak uten en egen produktivitetsavtale, eller dersom det er særlige problemer med å rekruttere eller beholde arbeidskraft.

Her viser det seg at FoU-virksomheten bruker 2.3.4-forhandlingene i langt mindre grad enn departementene, og særlig lite ut fra kriteriene om rekruttering eller å holde på kompetanse.

Bildet blir komplimentert med at arbeidsgiverne i den statlige FoU-sektoren også skilte seg ut fra arbeidsgiverne ellers i staten med å være mindre opptatt av å beholde arbeidskraft og å belønne tilsatte som har fått endret arbeidsoppgavene sine.

### Forskerforbundet vil forhandle lokalt

Av fagforeningene i sektoren skilte Forskerforbundets tillitsvalgte seg ut med at de i langt sterkegrad har som mål å bruke den lokale lønnsdannelsen til å premiere enkeltpersoner fremfor en jamm fordeling av lønnstilleggene. Forskerforbundet er også den foreningen som legger mest vekt på faglig dyktighet og at prestasjoner bør veie mest av kriteriene for lønnsopprykk. Det samme gjelder lønnsdifferensiering, der Forskerforbundet i større grad aksepterer og ønsker spissing av midlene i de lokale oppgjørene. Tillitsvalgte ved universitetene er villige til å koncentrere midlene mest, mens høgskolene er mer moderate.

### Todeling av akademia

FoU-sektoren var den delen av staten der i gjennomsnittet ferrest tilsatte oppnådde lokale tillegg. Gjennomsnittet var lavest ved universitetene og høyest ved instituttene. De med lønnstrinn 41, eller høyere, oppnår i gjennomsnitt mer av den lokale potten. De høyest lønnede får mer av potten enn det som ellers er vanlig i staten.

Et annet viktig strukturelt trekk ved den statlige FoU-sektoren er den høye andelen midlertidige ansatte. Sammen med praksisen med nettobudsjettering, blir dette sett på som en av hovedforklaringene på hvorfor FoU-virksomhetene skiller seg ut fra resten av statssektoren.

Det er verdt å merke seg at både tillitsvalgte og arbeidsgivere påpeker at de midlertidig ansatte i liten grad stiller krav i de lokale forhandlingene. Forfatteren drøfter også om den gruppen blir bevisst nedprioritert under forhandlingene. Han konkluderer med at "...den lokale lønnspolitikken fort (kan) bli en todeling av arbeidsstokken, hvor kriteriene faglig dyktighet, gode arbeidsresultater, initiativ og kreativitet kun gir uttelling for de som er fast tilsatt".

**Av Ingar Myking**



Et vesentlig skille mellom FoU-sektoren og andre statlige områder er at de førstnevnte har liten vilje til å legge inn egne midler i finansieringen av de årlige lønnsforhandlingene. (Foto: Forskerforum)

### Full krangel om master-tittel

BI og NTNU har havnet i krangel om bruk av titelen Master of Management. BI mener skolen har enerett på tittelen. I høst startet NTNU i Trondheim opp et masterprogram der studentene kan ta en master i organisasjon og ledelse. Graden skal etter planen ha tittelen "Master of Management", en tittel som fikk ledelsen på BI til å reise bunt. NTNU har nå rådført seg med advokat, og mener den fritt kan bruke den åpenbart svært attraktive tittelen uten å komme i konflikt med lovverket.

### Portal for mobilitet

Europakommisjonen har etablert en ny internettportal for å fremme forskermobilitet, melder Forskningsrådet. Portalen vil inneholde internasjonal utlysning av forskerstillingene med informasjon om tilbud og vilkår i de ulike landene. Som norske tråder i denne informasjonsvennen, har Norges forskningsråd etablert et nettverk av lokale norske mobilitetssentre ved universiteter, høgskoler, forskningsinstitusjoner og næringsliv. I tillegg har man laget en egen norsk mobilitetsportal. Se [www.eracareers.no](http://www.eracareers.no).

### Trafikkflygerutdanning utredes

UFD, Samferdselsdepartementet og Forsvarsdepartementet setter ned et utvalg for å vurdere organisering av trafikkflygerutdanning, opplyser UFD. Departementene ønsker å kartlegge behovet for trafikkflygere og vurdere ulike modeller for hvordan behovene best kan dekkes. Utvalget skal vurdere rekrutteringsbehov, ulike flygerutdanningsmiljøer, kostnader ved ulike modeller, ansvarsfordeling og finansiering. Relevante aktører som flyselskaper, flygerutdanningsmiljøer og utdanningsinstitusjoner skal trekkes inn i arbeidet.

## Trygd for doktorkandidater

# Aetat tapte dagpengesaker

Kan en doktorgradskandidat fullføre avhandlingen på kveldstid og i helger – og samtidig få arbeidsledighetstrygd? Nei, mente Aetat, men tapte i Trygderetten.

Mange doktorgradskandidater har kommet i denne klemma: Stipendperioden er over, og avhandlingen er ikke ferdig. En har i utgangspunktet ikke rett til dagpenger, men hva om sluttføringen av avhandlingen skjer utenom vanlig arbeidstid – på kveldstid og i helger?

### Reell arbeidssøker

Aetat Arbeidsdirektoratet har lidd nederlag i to lignende saker i Trygderetten det siste året. En av sakene gjelder en doktorstipendiat ved NTNU som meldte seg arbeidsledig da stipendperioden gikk ut. Avhandlingen var ikke levert. Aetat avslo søknaden om dagpenger med den begrunnelsen at søkeren var under utdanning og ikke kunne anses som reell arbeidssøker. Vedkommende klaget avgjørelsen inn for Aetat klage- og ankekontoret, uten å få medhold. Saken ble da anket til Trygderetten av den tidligere stipendiaten.

Den ankende part argumenterte med å hele tiden ha vært reell arbeidssøker og disponibel for jobbmarkedet. Etterarbeidet med avhandlingen hadde foregått på kveldstid og i helger. Aetat klage- og ankekontoret hevdet på sin side at doktorgradskandidater ikke kan sees som reelle arbeidssøkkere så lenge de fremdeles arbeider med avhandlingen, selv om dette skjer i helger eller utenfor vanlig arbeidstid. I oversendelsesbrevet til Trygderetten heter det: "En doktorgradskandidat kan imidlertid anses som reell arbeidssøker etter at avhandlingen er innlevert og fram til seks uker før disputasen avholdes, dersom han er tilgjengelig for arbeidsmarkedet i minst åtte uker."

Trygderetten kom til at Aetat – i sine egne retningslinjer – hadde tolket regelverket for restriktivt. Retten fastslo at arbeidet med avhandlingen hadde foregått om kvelden og i helger, og at dette kan kombineres med fullt arbeid på dagtid. Dermed ble den ankende gitt medhold.

### Mindre rigid praksis

Forsker forbundet er tilfreds med kjennelsen.

– Det ser ut til at Trygderetten legger opp til en mindre rigid praksis. Slik vi oppfatter Trygderetten, vil ikke arbeid med avhandlingen på kveldstid og i helger uten videre frata deg retten til dagpenger, sier juridisk rådgiver Lars Petter Eriksen i Forsker forbundet til Forskerforum.

Forsker forbundet har vært i kontakt med Aetat Arbeidsdirektoratet ved Anne Bisgaard. Hun mener kjennelsen beskrevet over ikke lenger er uttrykk for gjeldende rett på området, etter en forskriftsendring om dagpenger og utdanning fra januar i år. Forsker forbundet har skrevet et brev til Arbeidsdirektoratet der de ber om en klargjøring av dette synspunktet. Det heter det blant annet: "Vi er ikke uten videre i stand til å se på hvilken måte

forskriftsendringene rokker ved den forståelse Trygderetten legger til grunn."

Aetat Arbeidsdirektoratet har foreløpig ikke svart på henvendelsen fra Forsker forbundet, og Forskerforum har ikke lyktes i å innhente kommentar fra direktoratet.

Av Kjetil A. Brottveit

### Fakta

#### Dagpenger

For å motta dagpenger, må en være "reell arbeidssøker". Dette prinsippet, nedfelt i Lov om folketrygd, betyr blant annet at søkeren må kunne ta på seg fullt arbeid hvor som helst i landet. Hovedregelen er at en ikke får dagpenger mens man er under utdanning.

Lov om folketrygd ble supplert med forskrifter fra Arbeids- og administrasjonsdepartementet i 1998. En bestemmelse (i § 4-3 nr. 2 bokstav a) beskriver et unntak fra hovedregelen om at utbetaling av dagpenger ikke er forenlig med utdanning: "Ved deltagning i utdanning eller opplæring når undervisningen foregår utenfor normal arbeidstid, d.v.s. på kveldstid, i weekender o.l. og vedkommende følger undervisningen. Utdanningen må være eksplisitt lagt opp slik at den kan kombineres med fullt arbeid på dagtid."



Aetat tolket regelverket om doktorgradskandidater og dagpenger for strengt, fastslo Trygderetten. Illustrasjonsfoto: doktorpromosjon ved NTNU, mai 2003. (Foto: NTNU Info/Rune Petter Ness)

### Annleis universitetsguide

USA: Tidsskriftet Washington Monthly har nylig publisert ein annleis guide til universitetsstudiar. Tidsskriftet set spørsmålsteikn ved kriteria og metodikken i dei tradisjonelle rankingane: "Other guides ask what the colleges can do for you. We ask what colleges are doing for the country," heiter det i tidsskriftet, som i staden har sett opp desse kriteria: "Universities should be engines of social mobility, they should produce the academic minds and scientific research that advance knowledge and drive economic growth, and they should inculcate and encourage an ethic of service." Med denne tilnærminga har dei fått eit anna resultat enn dei tradisjonelle rankingane. Harvard kjem heilt nede på 17. plass, og Princeton på 44. På toppen ligg i staden MIT, UCLA, Berkeley, Cornell og Stanford. Det som dreg ned for til dømes Princeton er låge poeng for sosial mobilitet.

### Frankrike: Meir til forsking

Frankrikes utdanningsminister Gilles de Robien og forskningsminister François Goulard lovar auka satsingar på FoU-området. I sommar møtte dei representantar frå forskarsamfunnet for å understreke viljen den franske regjeringa har til auka løvingar. Statsrådane vil prøve å nå det europeiske målet om tre prosent av BNP til forsking fram til år 2010. Målsetnaden er den same som i den norske forskingsmeldinga: Ein prosent skal kome frå offentlig sektor, to frå det private. Statsrådane annonserer ein auke på ein milliard euro til for neste budsjettår.

### Britisk oppsving for naturvitenskap

Etter fleire år med færre studentar i naturvitenskaplege fag ved britiske universitet og høgskular, verkar det som om trenden er i ferd med å snu. Opptaksorganisasjonen UCAS rapporterer om aukande søkerantal før høstsemesteret. Talet på nye kjemi-studentar stig med 17,7 prosent, med 9,9 prosent i biologi og 1,4 prosent i fysikk. Opptakstala viser elles at yrkesretta studiar har størst auke. I eit fag som sosialt arbeid, går talet på nye studentar opp med nesten 50 prosent, og sjukpleiarutdanninga får 16 prosent fleire studentar. Psykologi, design og idrettsvitenskap er andre populære fag blant nybyrjarar.

### Nye doktorgrader ved UiS

Styret ved Universitetet i Stavanger oppretter tre nye doktorgradsstudier, slik at tallet i alt blir åtte. De er i informasjonsteknologi, med profil innen signalbehandling, bildebehandling, kodeteori, sikkerhetsproblematikk for internett og systemer for e-handel; i biologisk kjemi og i ledelse med profil innen endring og samfunnsansvar. De to første hører hjemme ved Teknisk-naturvitenskapelig fakultet, den siste ved Samfunnsvitenskapelig fakultet. Dermed har SV-fakultetet fått sitt første doktorgradsstudium.

**Forskerforbundet**

# Slutt på dobbeltmedlemskap

Sju medlemsforeninger i Akademikerne har samtidig sagt opp avtalene om dobbeltmedlemskap med Forskerforbundet.

– Vi er skuffet over oppsigelsene. Dette er åpenbart en samlet aksjon, sier leder Kolbjørn Hagen i Forskerforbundet.

– Når avtalene blir sagt opp med et identisk brev fra sju ulike foreninger, er det opplagt at dette er en samordnet beslutning, sier Hagen.

Avtalene om dobbeltmedlemskap går ut på at en kan være medlem av både en profesjonsforening, for eksempel Naturviterforbundet,

**Fakta**

Disse foreningene har sagt opp avtalene om dobbeltmedlemskap med Forskerforbundet med virkning fra nyttår:

- Den norske tannlegeforening
- Den norske veterinærforening
- Naturviterforbundet
- Norges Juristforbund
- Norsk Psykologforening
- Samfunnsviternes Fagforening
- Samfunnsøkonomenes Fagforening

og Forskerforbundet uten å betale dobbel kontingent. Dermed har dobbeltmedlemmene fått fordelen av å tilhøre en profesjonsforening og en fagforening samtidig. På Akademikernes hjemmesider er utmeldingene begrunnet med at Forskerforbundet i vår vedtok å melde seg ut av Akademikerne til fordel for hovedorganisasjonen Unio.

– *Tok Forskerforbundet denne risikoen på alvor da forbundet meldte seg ut av Akademikerne?*

– Vi visste at dette kunne skje, men selv var vi innstilte på å fortsette avtalene.

**Kamp om medlemmene**

– Vi tror de det gjelder har vært godt tjent med avtalene, men nå håper vi flest mulig fortsetter hos oss, eller blir stående i to forbund, sier Hagen. Han vedkjenner at to fagforeningsmedlemskap blir så dyrt at det nok ikke er mange som velger den løsningen. Oppsigelsen berører ca 850 medlemmer i For-

skerforbundet, og nå står kampen om hvilket forbund de skal velge.

– Målet til Forskerforbundet er å gjøre en så god jobb at medlemmene velger å bli hos oss, sier Hagen og viser til et godt apparat av tillitsvalgte, spesielt ved de store medlemsinstitusjonene.

Hittil har Forskerforbundet tatt seg av for eksempel lønnsforhandlinger ved universitetene – på vegne av Akademikerne-foreninger også. Nå må Akademikerne og deres medlemsforeninger bygge opp et parallelt apparat.

– *Konkuransen om medlemmene tilspisses?*

– Ja. Nå blir nok det enkelte forbunds dyktighet og medlemsfordeler avgjørende, sier Hagen. Han presiserer at forsikringsavtalene til Forskerforbundet står ved lag.

Akademikerne varsler kamp om de samme medlemmene på denne måten:

– Både forskningens rammebetingelser og utdannings- og forskningspolitikk er og vil være et vesentlig satsingsområde for Akademikerne og for våre medlemsorganisasjoner, sier leder Christl Kvam på Akademikernes hjemmesider.

**Av Kjetil A. Brottveit**

**Forskerforbundet**

# Rettssak mot staten i januar

Utdanningsdepartementet og Forskerforbundet møtes i Arbeidsretten i januar. Forskerforbundet mener det er tariffstridig av Kristin Clemet å oppheve ordningen med at forskerne har rett og plikt til å bruke halve arbeidstiden til å forske.

Forskerforbundet har nå tatt ut stevning for Arbeidsretten mot statsråd Kristin Clemet og departementet hennes. Det var på et møte 23. juni før at departementet varslte at de ville se bort ifra de sentrale retningslinjene om lik arbeidsdeling mellom undervisning og forskning. Myndighetene vil overlate til lærestedene å avgi hvor mye de vitenskapelige ansatte skal

forske. I realiteten betyr det at norske forskere ved universiteter og vitenskapelige høgskoler kan miste den individuelle retten og plikten til å forske like mye som de underviser - populært kalt "50 prosent-regelen".

**Rene undervisningsstillinger**

Siden innføringen av den såkalte kvalitetsreformen har det vært et stort press på institusjonene for å få "frigjort" nok forskere til å gjennomføre den store økningen av undervisningen. Men "særavtalen" har hindret lærestedene i å harene undervisningsstillinger ved norske universiteter.

Forhandlingssjef i Forskerforbundet, Frank Anthun, forteller at saken kommer opp i Arbeidsretten 10. og 11. januar. Reguleringen som pålegger lik fordeling mellom forskning og undervisning står nedfelt i referatene fra møtene om inngåelse av særavtalen fra 1992. Det springende punktet i saken er statusen til disse referatene.

– I departementenes referater kommer det helt tydelig fram at forskere ved universiteter og vitenskapelige høgskoler skal ha individuell

rett og plikt til å forske om lag halvparten av arbeidstiden. Tolkningen har vært helt utvedydig fra alle partene i 12 år. Vi mener at dette punktet var en forutsetning for selve inngåelsen av særavtalen i 1992, sier Anthun.

Stevningen fra Forskerforbundet berører ikke selve prinsippet om den individuelle retten og plikten til forskning, men satser på å påvise tariffbrudd fra statens side. Anthun forteller at alle fagforbund som har organiserte ved institusjonen støtter Forskerforbundet i denne saken, bortsett fra NITO.

**Mindre fleksibilitet**

– *Hvorfor tror du UFD ikke like godt sier opp hele særavtalen?*

– Jeg tror staten har god nytte av avtalens. Den regulerer blant annet prisen på ekstraarbeid, time for time, og gjør det nok billigere for dem å gjennomføre kvalitetsreformen.

– *Hvorfor sier ikke Forskerforbundet opp hele avtalens?*

– Får vi ikke gjennomslag i Arbeidsretten, må vi vurdere å gjøre det. Gevinsten med å ha dagens særavtale er at den gir forskerne stor fleksibilitet med hensyn til arbeidstiden. En ny avtale kan medføre at forskerne får en mindre fleksibel arbeidsdag, påpeker Forskerforbundets forhandlingssjef.

**Av Ingar Myking**



Forhandlingssjef i Forskerforbundet, Frank Anthun, frykter at universitetsansatte får mindre tid til forskning etter kvalitetsreformen. (Foto: Kjetil A. Brottveit)

# Ånda i maskina

Ei uforståeleg melding kan verte til eit krystallklårt bodskap etter avkoding i ei slik maskin.

Dersom det finst ei ånd i maskina, er det truleg i form av kryptologi og kodeteori.

Berre spør Selmersenteret ved Universitetet i Bergen.



**E**R NETTBANKAR sikre? Er det trygt å legge att VISA-kortnummeret på nettet? Gjennom slike problemstillingar møter vi kryptologien i kvardagen, medan kodeteori ligg til grunn for rask og påliteleg kommunikasjon via Internett og mobiltelefonar.

– Selmersenteret har vore med på å utvikle standardar for neste generasjons mobiltelefonar, UMTS. Det dreier seg om å redusere interferensen mellom brukarar som kommuniserer samtidig. Det er vi ganske stolte av, seier professor Tor Helleseth, direktør ved Selmersenteret.

KRYPTOLOGI ER LÆRA om hemmeleg skrift. Kryptologien kan delast inn i to undergrupper: kryptografi, som handlar om å lage kryptosystem, og kryptoanalyse, som handlar om å knekke system.

– Kryptografi er ein metode for å forvrenge ei melding slik at ho vert uforståeleg for andre enn mottakaren. Tradisjonelt har sendar og mottakar ein nøkkelen som berre dei kjenner, seier Helleseth.

Lat oss starte med maskina han har ståande på kontoret, ei såkalla chifermaskin for kryptering og dekryptering av meldingar. Maskina verkar som ei skrivemaskin som

erstattar bokstavar med andre bokstavar etter ulike nøklar. Mottakaren av ei melding stiller inn den same, avtalte nøkkelen – han sveivar ein runde på apparatet og får ut ein straum med teikn.

– Ein student som var innom kontoret, spurde meg om dette var modellen M 209. Då vart eg imponert, seier Helleseth og legg til: Selmer var med på å knekke denne maskina.

Han snakkar om mannen som senteret er oppkalla etter. Ernst S. Selmer var professor ved Matematisk institutt i Bergen frå 1957 til 1990. Fagmiljøet som utvikla seg til Selmersenteret hadde utgangspunkt der. ➤

## «Det er lett å lage sikre kryptosystem, men dei bør også vere raske.»

► – Selmer er ein pioner innan koding og kryptologi i Noreg. Han er også mannen bak det norske personnummersystemet, seier Helleseth og forklårar tanken bak dei to siste siffera i personnummeret – kontrollsiffera.

– Dei er der for å avsløre ein del opplagte feil i dei andre siffera, til dømes om datoene og månaden har bytt plass i første del av personnummeret. Før systemet vart laga, bygde Selmer på røynsler om kva slag feil folk gjorde. Kontrollsiffera kan oppdage feil, men ikkje korrigere dei, seier Helleseth.

Mekanismar for oppdaging av feil og eventuell korrigering av dei er sentrale i kodeteori.

– Fysiske lover tilseier at ikkje alle opplysningar kjem fram heilt rett. Datamaskiner gjer lite feil, telelinjer litt fleire. Tenk deg at ein skal sende ei elektronisk melding til eit romskip som svever rundt Mars. For å redusere sjansen for feil, sender ein ekstra kontrollinformasjon for å rette feila som kan oppstå. Ein svært naiv metode går ut å sende kvar bit av ei melding – ein eittar eller ein nullar – til dømes hundre gonger. Dersom mottakaren får ei melding av 93 eittar og sju nullar, kan det vere stor grunn til å tru at dei sju nullane har oppstått ved ein feil i sendinga. Dermed reduserer ein sjansane for feil, samtidig som ein må sende ekstra mykke informasjon. I kodeteorien kodar vi meldinga ved å leggje til kontrollinformasjon på ein ”lur” måte, slik at mottakaren kan rekonstruere meldinga raskt og at risikoen for feil i meldinga vert redusert til det minimale, seier Helleseth. Han påpeikar at usynleg feilkorrigering òg er ein del av kvardagen.

– Alle kjem borti feilkorrigande kodar kvar dag, til dømes CD-spelaren som fjernar støy, eller at feil vert retta under kommunikasjon over Internett.



– Kvar gong eg held foredrag i Malaysia får eg ein «Nobelpris», seier Tor Helleseth. Heidersteikna på kontoret hans vitnar om stor internasjonal aktivitet. (Foto: Kjetil A. Brottveit)

EIN KJEM FORT I KONTAKT med historias sus når ein les om kryptologi. Dei fyrste kjenne krypteringane finst i egyptiske graver frå ca 1900 f. Kr, og Cæsar var ein tidleg brukar av kryptografi.

– Han kommuniserte med hærførarane sine ved hjelp av kryptografi. Han krypterte meldingar ved å flytte alle bokstavane tre plassar bakover i alfabetet, slik at A vart til D, B vart til E, og så vidare. For å dekryptere meldinga måtte altså mottakarane flytte bokstavane tre plassar fram. Ein kan lett utvide systemet ved å late talet på flyttingar variere. Det norske alfabetet får dermed 29 mogelege nøklar, men eit slikt system er lett å knekke, seier Helleseth.

Han fortel at Cæsar-systemet seinare vart forbetra ved å velje ei hemmeleg omstokking av alfabetet, slik at til dømes A kunne verte W og B verte M. Dermed auka talet på mogelege nøklar til 90 kvintillionar (9 med 31 0-ar etter seg). Sjølv med datamaskinene i dag er det umogelege å sjekke alle nøklane.

– Dette var uforståeleg for folk i 900 år, heilt til språkfolk gjekk laus på det. Systemet vart knekt av arabiske språkforskrarar for ca. 1000 år sidan. Til dømes vil nokre bokstavar vere overhyppige. På norsk førekjem bokstaven E i 16 prosent av tilfella, medan R og N har ni prosent kvar. Basert på frekvensen av bokstavane i chifferteksten (den krypterte teksten) kan ein lett finne dei mest vanlege bokstavane i klarteksten (teksten før kryptering) og dermed heile klarteksten relativt lett, seier Helleseth.

Polyalfabetisk substitusjon er endå eitt steg vidare: ein og same bokstav kan erstattast av ei rekje bokstavar basert på eit hemmeleg kodeord.

– Dette gjorde åtak bygd på frekvensanalyse vanskelegare. Men det kan også vere til hjelp for å knekke slike kodar at visse kombinasjonar av bokstavar er meir sannsynlege enn andre, til dømes t, h og e etter kvarandre på engelsk, seier han.

FØR MØTET MED HELLESETH har eg skaffa meg den populærviskaplege boka The Code Book av Simon Singh. Han skriv eit heilt kapittel om korleis Maria Stuart, og hennar medsamansvorne, konspire mot dronning Elisabeth ved hjelp av kryptologi. Men kodane var for enkle, og vart knekte.

– Det er ei ypparleg bok å lese. Eg plar seie til studentane mine at boka kan vere ei god støtte til pensum i kryptologi, seier Helleseth.

– *Eg festa meg ved kommentaren om at eit därleg kryptosystem er verre enn ikkje noko kryptosystem?*

– Ja, eg sa noko slikt til Den norske Bank ein gong, men dei svara at så lenge nabobanken var ukryptert, så kunne dei kriminelle heller gå dit, seier Helleseth. Han samanliknar logikken med at ein ikkje treng ein god tjuverialarm dersom nabohuset ikkje har alarm.

Helleseth har vore ein slags ”huskryptogra-

log” for Den norske Bank. Han har også arbeidd i Forsvaret for lenge sidan, i sikkerhetsstaben under Forsvarets overkommando. Selmer var sjølv konsulent for Forsvaret i mange år, og det var såpass hemmelig at han fekk beskjed om å ikkje oppgne inntekta derfrå.

– *Er det ei kopling mellom senteret og Forsvaret i dag?*

– Vi samarbeider med Nasjonal Sikkerhetsmyndighet om rettleiing av masterstudentar, og mange studentar her har avtent verneplikta der. Men vi driv ikkje med noko hemmeleg her. All forsking er open.

ENTERET ER SVÆRT internasjonalt retta. Det har status som Marie Curie Training Site, noko som medfører at dei tek imot utanlandske doktorgradsstudentar til forskingsopphald i opp til eitt år. Dei deltek i Ecrypt, eit fagleg kryptologifellesskap der 10 industriverksemder og 20 universitetspartnerar er med.

– Partnarane i Ecrypt går saman om å lage kryptosystem for rask og sikker kommunikasjon. Vi prøver å finne svake punkt i systema til kvarandre, seier Helleseth. I dag held det ikkje å flytte bokstavar nokre hakk fram eller tilbake i alfabetet. Dei bruker avanserte kryptalgoritmar for å kryptere data, og Helleseth kjem igjen inn på at omsyna til tryggleik og effektivitet kan vere motstridande.

– Kryptalgoritmane kan til dømes vere bygde på at ein må faktorisere svært store tal. Ein forvrenger informasjonen nærmest som i ei kjøttkvern, og mottakaren reverserer dette. Det er lett å lage sikre kryptosystem, men dei bør også vere raske, seier Helleseth. Han understrekar at systema også må vere endringssikre. Ingen må kunne endre informasjonen på vegen.

– Vi har kome eit godt stykke på veg i å prøve at systema i dag er sikre. Dersom ein opererer med nøklar på 128 bits eller meir, og kryptosystemet er konstruert etter gode kryptologiske prinsipp, er det vanlegvis ingen andre kjende metodar til å angripe det på enn å prøve alle mogelege nøklar, noko som er for tidkrevjande.

EIN TING ER Å HA SIKRE kryptalgoritmar, noko anna er å bruke desse rett, forklårar Helleseth. Han fortel om den gamle nettløysinga til Skandiabanken.

– Dei brukte berre ein kombinasjon av personnummeret og ein pinkode på fire siffer. Ein kan tenkje slik: Kanskje ein stor del av kundane er menn i alderen 26 til 39 år. Dei fyrste seks siffera i personnummeret, fødselsdatoen, får ein gratis, og dei neste fem fylgjer òg eit bestemt mønster, slik at det finst 50 gyldige personnummer for kvar enkelt fødselsdato, og fleire vil vere kundar i banken. Veikskapen ligg i at pinkoden på fire siffer er for kort. Dette gjev 10 000 kombinasjonar, men ettersom ein kan prøve to gonger for kvart personnummer, før ein vert sperra på tredje forsøk, vert sjansen redusert til 1:5 000. Alt i alt vil det seie at dersom ein prøvde seg



– Det er eit privilegium å tilhøyre eit fag som ein på eitt plan kan forklare til alle, men som samtidig er så avansert at ingen andre enn fagfolk kan forstå, seier Tor Helleseth. (Foto: Per Anders Todal)

fram med 50.000 personnummer til kundar, ville ein klare å kome inn på ca.10 kontoar.

– Var det kriminelle som fann ut dette?  
– Nei, ein hovudfagsstudent her. Vi tok kontakt med Skandiabanken, og det vart avtalt eit møte, men dette drog ut. Til slutt sende vi berre eit kapittel frå hovudoppgåva

til dei og fekk svaret: Vi må nok ha eit møte. Oppdaginga førte til at Skandiabanken endra rutinane i Noreg og Sverige, men dei vil nok ikkje innrømme kva bakgrunnen var, seier Helleseth.

Av Kjetil A. Brottveit

## 20 spørsmål

1) Kor stor oppslutning fekk Arbeidarpartiet ved Stortingsvalet i haust?

2) I kva for tre fylke vart Framstegspartiet det største partiet?

3) Kva heiter Troms-kommunen der leiar Roy Waage skaffa Kystpartiet 38,6 prosent av röstene?

4) Blant kandidatane til å bli ny justisminister finst ein advokat frå Elverum som er justispolitisk talisman for Ap. Kva heiter han?

5) Kva heiter den norske guten som i fjor blei verdas yngste stormeister i sjakk?

6) I kva idrett vann Einar Førde NM-sølv i 1963?

7) Kva romersk by blei saman med Pompeii råka hardast av Vesuv sitt utbrot i år 79 e.Kr.?

8) Kva heiter den kvinnelege svenske jazz-songaren som døydde 67 år gammal i ein brann tidlegare i år?

9) Kva heiter den fargerike politikaren som har vore statsminister i Japan sidan 2001?

10) Kva er namnet på den egyptiske dronninga som det finst ein svært kjend byste av i Berlins egyptiske museum?



11) Eklipse, seier astronome, og då meiner dei...?

12) Utanfor Geneve ligg CERN, som Noreg var med på å stifte i 1954. Men kva er CERN?

13) Kva heiter Statoil-sjefen som nyleg måtte forklare ein Snøkvit-sprekk på sju milliardar?

14) Og kva heiter den avtroppande olje- og energiministeren?

15) Kven er Marshall Mathers og Slim Shady betre kjend som?

16) Kven var første norske kvinne som tok gull i eit sommar-OL?

17) Kva for fugl blir òg kalla sjøpapegøyen?

18) Ho er dr.philos i internasjonal politikk, sit i to av Pavens råd i Vatikanet og har vore statssekretær i UD. Og namnet er?

19) Kva for planet blei oppdagia i 1930 av den amerikanske astronomen Clyde W. Tombaugh?

20) Kva organ er det som blir ramma der som ein et giftslørsopp?

Rette svar på side 21 ►

# Sensasjonar ein ikkje vil ha

Bør forskarane formidle resultata sine uansett innhald? Kva om forskinga får ein annan effekt enn forskaren ønskjer? Samanhengen mellom fødslar og inkontinens var eitt av døma då Folkehelseinstituttet hadde seminar om vitskapsetikk.

**D**ET ER EIN FREDAG i september. I eit rom på Folkehelseinstituttet i Oslo sit 20 forskarar og tenkjer hardt. Midt i rommet står Yngvild Hannestad og fortel om eit stort forskingsprosjekt, ei omfattande undersøking av kvinner med urinlekkasje. Saman med Roger Strand held ho seminar om vitskapsetikk. Dei to forskarane er hyra inn frå Universitetet i Bergen, der Hannestad er forskar ved Institutt for samfunnsmedisin og Strand ved Senter for vitenskapsteori.

Hannestad snakkar om urinlekkasje. Den såkalla EPINCONT-studien (Epidemiology of Incontinence in the County of Nord-Trøndelag) er basert på data frå Helseundersøkinga i Nord-Trøndelag (HUNT). Forskningsprosjektet er plukka ut som ein aktuell case for dette seminaret, og i salen sit forskarane og lyttar intenst.

- I denne undersøkinga ville vi prøve å sjå samanhengar mellom urinlekkasje, livsstil og andre risikofaktorar. Det mest kontroversielle resultatet fann vi då vi undersøkte samanhengen mellom barnefødslar og inkontinens, fortel Hannestad.

- Ved å samanlikne kvinner som berre hadde fødd vaginalt med kvinner som berre hadde teke keisarsnitt, viste det seg at 24 prosent hadde problem med inkontinens etter vaginal fødsel medan berre 15 prosent av dei som tok keisarsnitt hadde problem. Dette resultatet kunne i teorien brukast som argument for at kvinner bør ta keisarsnitt, og vi var redde for sensasjonsprega presseoppslug om dette.

Hannestad fortel at forskaren som skulle legge fram dette for pressa førebudde seg godt, så ikkje resultatet skulle bli mistolka.

- Det vart grundig forklart kor mange keisarsnitt som måtte gjerast for at ein skulle spare eitt tilfelle av urinlekkasje. Forskningsresultatet vart også publisert i det amerikanske tidsskriftet The New England Journal of Medicine, og der skrev vi rett ut at resultatet ikkje må brukast som argument for keisarsnitt, seier ho.

Frå salen kjem det reaksjonar. For er det vitskapleg å skrive dette? Og er det etisk? Sjølv sit eg og undrar meg over forskaranes store redsle for presseoppslug.

STRAND STÅR VED TAVLA og skriv. Han deler opp tavla i to. På venstre side står alle føresetnadene for dette forskningsprosjektet, og til høgre står implikasjonane. Kva for føresetnader hadde ein for EPINCONT-studien? spør han. Dusinvise av moment blir rulla opp på kvar side.

- Vi sat på eit unikt materiale, og difor ville vi gjere undersøkinga før nokon andre gjorde det. Vi hadde moglegheit til å gjere dette på ein skikkeleg måte, seier Hannestad.

Eit viktig etisk moment som også vert trekt fram i diskusjonen, er statusen forskarane oppnår i eit forskningsprosjekt som dette. Det er snakk om mykje prestisje. Også økonomien kjem inn som ein viktig føresetnad. Kven betalte for prosjektet?

Hannestad nemner også koplinga til medisinindustrien.

- Er denne forskinga noko industrien kan dra nytte av, til dømes ved at det blir stor merksemd rundt temaet inkontinens? Det er viktig å spørje kva nytte ein kan ha av forskningsprosjektet, seier Hannestad.

- Ein kan godt seie at denne studien er viktig fordi det løftar fram eit problem, nemleg urinlekkasje hos kvinner. Men bortsett frå at forskinga er eit bidrag til kunnskap om inkontinens: Vil forskinga eigentleg få den effekten ein ønskjer? Her kunne ein lett fått eit uønska resultat av forskinga, nemleg sterkare fokus på det positive med keisarsnitt. Mange ting kan skje når forsking vert publisert, men skal ein la vere å sleppe katta ut or sekken av den grunn?

Før gruppearbeidet har Strand hatt forelesing om ulike syn på forsking gjennom historia. Mange etiske spørsmål vart drøfta. Kvifor skal vi eigentleg forske? Og all forsking treng ikkje alltid vere av det gode?

I pausen fortel Strand om målet med dette seminaret.

- Vi ønskjer at forskarane som deltek skal sjå seg sjølv i ein større kontekst. Dei skal reflektere over si eiga rolle og kva for implikasjonar forskinga har, seier han.

NO SKAL EIT ANNA forskningsprosjektet presenterast. Her er forskarane på heimebane, for dette prosjektet er henta frå deira eige miljø ved Folkehelseinstituttet. Jan Erik Paulsen har forska på kosthald og tjukktarmkreft. Utgangspunktet for forskinga har vore å finne ut kva for mat som gjev kreft i tjukktarmen. Under-



Jan Erik Paulsen rettleier i gruppearbeidet. Han har i mange år drive dyreforsøk på kosthald og tjukktarmkreft. (Foto: Johanne Landsverk)



Eit mål med seminaret var at forskarane skulle reflektere over si eiga rolle. Her frå gruppearbeidet. (Foto: Johanne Landsverk)





søkingane vart utført på rotter, og Paulsen utvikla etter kvart ein modell for å måle kva som kan gje kreft i rrottetarmane.

Forskinga viser mellom anna at ein bør revurdere synet på korleis kreft i tjukktarmen startar. Resultatet er eit anna enn det som er akseptert i forskarmiljøet, og difor har det også skapt tvil. Paulsen fortel at han måtte streve lenge for å få ein artikkel på trykk i eit utanlandsk tidsskrift.

I desse dyreforsøka er alle moglege faktorar i kosthaldet testa ut, og resultatet vart slett ikkje slik ein trudde. Kva kan slik forsking føre til når det gjeld kunnskap om kosthald?

- I EU er forsking på akrylamid prioritert, men vi veit eigentleg ikkje om dette er det viktigaste å forske på. Enno manglar vi det som må til for å bremse utviklinga av kreft i tarmen, seier Paulsen. Han går rundt i gruppene som diskuterer.

Kva er det viktigast å forske på? Er det lettast å få pengar til forsking som ein veit vil gje eit resultat? Kanskje blir ein eigentleg sitjande å forske på mindre viktige ting.

- Nokre ting er tabu å forske på, som til dømes alkohol. Men dette er vel det største samfunnspolitisk problemet vi har? seier ein i gruppa.

- Dessutan: Bør vi ikkje kunne ete den maten vi har lyst på? Er det berre av det gode å få vite kva kosthald som kan utvikle tjukktarmskreft?

Også i dette forskingsprosjektet kan ein sjå etiske problem i forhold til publisering. Paulsen og forskargruppa hans kunne ha gått til

- Vi ønskjer at forskarane som deltek på seminaret skal sjå si eiga forsking i ein større kontekst, seier forelesarane dr.scient. Roger Strand og dr. med. Yngvild Hannestad. (Foto: Johanne Landsverk)



Dagbladet og publisert prosjektet.

- Eg ønskjer at forskinga mi skal bli formidla, men eg veit ikkje korleis, seier Paulsen. Han og fleire andre stiller spørsmålet om forskarane burde publisere arbeida sine uansett. Er det alltid rett å overlate publisering til forlaga? Dei kan ha så mange slags motiv, seier han.

Seminaret går mot slutten. Det er Forskerforbundet som har vore arrangør, medan Kirsten Møyner ved Folkehelseinstituttet tok initiativet til seminaret.

- Vitskapsetikk er eit tema som er svært aktuelt her ved Folkehelseinstituttet, for forskarane har lite vitskapsetikk i si utdanning. Og mykje har endra seg. I større forskingsprogram har den einskilde forskar ofte lite kontroll når det gjeld val av problemstilling. Det er også svært viktig å diskutere kva forskaren skal formidle til folket. Ein bør sjå si eiga forsking i eit større perspektiv, og dette er ikkje minst viktig her ved Folkehelseinstituttet fordi vi skal kome med råd ut til samfunnet, meiner Møyner.

#### Svar på 20 spørsmål:

- 1) 32,7 prosent
- 2) Møre og Romsdal, Rogaland, Vest-Agder
- 3) Skjervøy
- 4) Knut Storberget
- 5) Magnus Carlsen
- 6) Friidrett (1500 meter)
- 7) Herculaneum
- 8) Monica Zetterlund
- 9) Junichiro Koizumi
- 10) Nefertiti
- 11) Formørking
- 12) CERN står for Senter for europeisk partikkelforskning og er verdas største laboratorium på dette området.
- 13) Helge Lund
- 14) Thorhild Widvey (H)
- 15) Eminem
- 16) Linda Andersen (segling, europajolle, Barcelona 1992)
- 17) Lundefuglen
- 18) Janne Haaland Matlary
- 19) Pluto
- 20) Nyrene

#### Karakterar

- 18-20 rette: Særs godt
- 14-17 rette: Mykje godt
- 9-13 rette: Godt
- 5-8 rette: Nokså godt
- 0-4 rette: Lite godt

# Tikjappe

Medlem nr. 40037764 Johanne Gillow  
 Stilling: Spesialkonsulent hos Byantikvaren i Bergen.  
 Utdanning: Kunsthistorie, med spesialutdanning innenfor bygningsvern og arkitekturhistorie



## 1. Hva jobber du med nå?

– Jeg jobber først og fremst med en forsøksordning hvor Byantikvaren har fått myndighet etter Kulturminneloven. Det dreier seg om fredning, veiledning til eiere av fredede bygninger, byggesaker og konkret oppfølging av loven.

## 2. Hvor tenker du best?

– På sjøen! I fred og ro. Litt trist med tanke på hvor lite jeg egentlig kommer meg dit.

## 3. Hva er den viktigste fagboken i ditt akademiske liv?

– Det er ikke bare en bok som har vært skjellsettende, men mange jeg har hatt utbytte av. *Architecture and morality* av Watkin, og Mumfords *The city in History* har som enkeltverk gitt mye. Dessuten har jeg hatt stort utbytte av en noen britiske bøker fra og om 1800-tallets arkitektur og arkitekturteori, blant annet Geoffrey Scotts *The architecture and humanism*.

## 4. Hva er tabu i ditt fag?

– Jeg ville reagert om en kollega signaliserte at kulturminner var uten betydning for samfunnet.

## 5. Hva skal til for å bli en god bygningsverner?

– En bør besitte mye stahet, engasjement og gode fagkunnskaper. Dessuten bør en være god til å argumentere, siden vi ikke har så mye sanksjonsmyndigheter.

## 6. Hvem er den beste læreren du har hatt?

– Per Jonas Nordhagen, veilederen min ved Universitetet i Bergen. Han har stor faglig kapasitet, med både oversikt og dybde i kunnskapen. Han var svært engasjert både i faget og studentene sine. Jeg har jevnlig kontakt med ham ennå.

## 7. Dersom du måtte velge deg et annet fagfelt, hva ville du falt ned på?

– Jeg kunne ikke tenke meg noe annet enn det jeg jobber med. Det måtte i så fall være noe som ligger tett opp til det jeg holder på med. Historie, språk, arkeologi.

## 8. Om du var miljøvernminister, hvilket enkelttiltak ville vært viktigst for deg å få gjennomført?

– Bedre økonomi til å ta vare på kulturminnene og den fredede bygningsmassen vårt.

## 9. Hvor var du EU-avstemningskvelden 1994?

– Her hjemme i Bergen.

## 10. Hva vil du lese mer om i Forskerforum?

– Det er for mye fokus på universitetene. Dere må ikke glemme alle som jobber i kommuner, fylkeskommuner eller museer. Vi jobber ofte alene eller i små familiører og trenger oppmerksamhet og felles arena.

# Skjønnånd

## «Glimtet av forklarelse»

Ein kunne ha valt fleire bøker av Dag Solstad til denne spalten, befolkta som dei er av mange akademikarar. Hovudpersonen i *Professor Andersens natt* frå 1996 er nordiskprofessor på Blindern. Han har Ibsen som spesialfelt og doktorgrad på *Kongsemnerne*. Professoren har gjeve livet sitt til å formidle Ibsen, men har kome smerteleg i tvil om kor god Ibsen er.

Studentar no til dags har mykje rart for seg. Når Andersen tilfeldig møter to studentar på gata, snakkar dei ikkje om hovudfagoppgåvane sine, men om gjestene på kafeen der dei har deltidssjobb. "Så dere er barpiker på fritida, dere altså", spør professor Andersen. "Ja," lo de, "vi er barpiker."

Avstanden til studentane kan vere smertefull, og reaksjonane deira er eit mål på om han lykkast som førelesar:

"Hvis de sa noe dumt, så skar det seg i ham, likeså hvis det eneste de kunne si var konvensjonelle utsagn suget fra en eller annen bok de hadde lest, eller som et uttrykk for banaliteter innenfor det miljø de vanket i, eller kom ifra, eller hvis noen av dem fant det på sin plass å gi sine høyst private følelsesmessige reaksjoner til kjenne, som de burde ha holdt for seg selv, for dette var ikke følelser, men diktning."

Andre gonger går det betre. Han har sagt noko med sving over, som verkeleg viser til "Ibsens storhet", og han ser at det glimtar til i augo på studentane:

"Og nå og da kunne en student som han så at fikk dette glimtet av forklarelse i øynene, komme med en kommentar som var et genuint uttrykk for det som hadde avfødt det, og til og med framføre det med sinnets bevegethet, og da ble også professor Andersen beveget."

I spalten *Skjønnånd* presenterer vi skjønnlitterære skildringar av det akademiske livet.

## Bilder fra norsk forskning


Fra utgravingen av Osebergskipet på gården Oseberg i Slagen, Sem, Vestfold i Norge i 1904. 8. august 1903 fikk professor Gabriel Gustafson ved Universitetets Oldsaksamling i Oslo besøk av gårdbruker Knut Rom fra gården Lille Oseberg. Rom hadde gravd i en stor gravhaug på eiendommen sin og støtt på det han mente var et skip. Under utgravinger støtte man på en opprettstående stokk som viste seg å være en del av et vikingskip. Osebergskipet er av eik, og bygd tidlig på 800-tallet, men fra ca. 850 ble det brukt som grav. Skipet er 22 meter langt og 5 meter bredt. De 12 bordgangene er festet sammen med jernnagler. Båten var beregnet både til roing og seiling. Med et seil på 90 kvm kunne det komme opp i en hastighet på over 10 knop. Den øverste bordgangen har 15 par årehull. Det vil si at 30 personer kan ro skipet samtidig, 15 på hver side. Et fullt sett med årer fulgte med skipet i graven. Det ble brukt som gravskip for en kvinne som trolig var svært mektig i sin samtid. Hun lå i et gravkammer bygd akterenden av skipet sammen med en ledsager og sine



mest kostbare eiendeler. Ledsageren var en annen kvinne, sannsynligvis en slave, valgt ut for å følge henne i graven. Det tok 19 år fra Osebergskipet var ferdig restaurert til det i 1926 kom på plass i det nye museet på Bygdøy. Foto: NTB/SCANPIX

# Ein grunn mindre til å lese Dagbladet

– Tenk på alt det fantastiske som skjer på forskingsfronten. Kvifor skriv vi ikkje om det? spør Arvid Bryne, som ikkje lenger skriv i Dagbladet.



**I**DAG SKAL VI FAKTISK snakke om noko som interesserer norske forskarar, ikkje statsbudsjettet, ikkje Mjøs-utvalet, ikkje OECD-målet, ikkje pensjonspoeng, men... Tenk godt etter, gode lesar, kva taler de mest om i matpausen eller over fredagspilsen? Tenk nøye ne, nøye.

På veg inn til Håndverkeren støyter eg på min gamle klassestyrar frå gymaset, no professor i Volda. Hovudfaget hans var om norsk medias dekking av Vietnamkrigen. Den var visst ikkje særleg bra, med eitt unnatak.

– Så det er her du går?

– *Eg skal møte Arvid Bryne. Han har nett gått av for aldersgrensa.*

– Hels han og sei at der forsvann endå ein grunn til å lese Dagbladet.

Så går klassestyraren min og Bryne kjem; krigsreportaren, utanriksredaktøren, USA-korrespondenten, den mest leste journalisten i Dagbladet, den yngste av elleve sysken på Jæren, den første reporteren i Noreg som tok farskapspermisjon og den siste som stod i arbeidet til han vart 67.

– Eg har tenkt litt, seier Bryne.

Det er mykje ein får lov til etter å ha sluttat i Dagbladet.

– Det skal stå i Forskerforum dette?

– Ja.

– Det har eg aldri lese.

– Nei, nei.

– Men vi lyt likevel ha ei vinkling. På trikken ned tenkte eg på utviklinga dei har stått bak, forskarane altså.

Eit par år etter at Arve Solstad hadde tilsett Bryne i Dagbladet vart 32-åringen sendt til Vietnam for å dekke det amerikanske nederlaget.

– Der var eg med på å starte ein rasekrig grunna dårleg teknologi. Vi måtte verkeleg pryle japanarane for å halde dei unna telesmaskinene. Vi var 700 vestlege journalistar, og vi hadde ikkje plass til japanarane.

Amerikanarane hadde teke med seg all kommunikasjonsteknologi. Ingenting skulle verte att til Ho Chi-Minh.

– Eg var forresten min eigen fotograf. Å sende biletet var ei slit, først vart det sendt med fly til Hong Kong, så med telefoto frå Hong Kong til London og vidare frå London til Oslo. For eitt biletet kosta det 2800 kroner i 1973. Prosessen tok eit døger. No tek det to sekund med e-post og er gratis. På veg ned tenkte eg òg på far min.



## «Berre tenk på forskingsstoffet, alt det fantastiske som skjer på den fronten berre i Noreg. Kvifor skriv vi ikkje meir om det på ein vettug måte i staden for obskure meldingar om såkalla oppdaginger på sexfronten.»

► Uroa dykk ikkje, vi skal kome attende til prylinga av japanarane. Men jærbuar er ikkje av dei raskaste. Berre det å uttale svarabaktivokalen tek uendeleg med tid

– Far min vart fødd i Stavanger i 1885. Foreldra hans tykte den teknologiske situasjonen var strålande. Dei hadde fått slåmaskin bak hesten, dei hadde fått høyvendar, rive og dampmaskin. I sitt liv fekk far min oppleve bil, fly, rakettar, atombomba, fjernskrivar. Forresten, han såg aldri ein fjernskrivar, heller ikkje ei atombombe, han var slaktar og bonde. Men alt dei har stått bak, desse forskarane du skriv for.

Det er nesten så journalisten får därleg samvit over i det heile teke å fakturere Forskerforum.

– Så kom utviklinga i mi tid. I Saigon sat eg og skrev på fjernskrivar.

No er vi på sporet av dei japanske journalistane og noko endå meir komplisert enn svarabakti.

– Etter at amerikanarane hadde trekt seg ut, måtte sørvietnamesarane opp på loftet av telegrafstasjonen og hente fram dei gamle teleksmaskinene. Dei fann to, og desse måtte altså halde for 700 vestlege journalistar. Men dei var så slitne at bokstavane på tastaturet var borte.

Ei tid medan Bryne studerte oppheldt han seg i Frankrike.

– Maskinene var såpass gamle at dei var sett opp med fransk tastatur, og det kjende eg altså. I tillegg er eg det norske forsøret evig takksam for at dei lært meg touch.

– *Men det var altså denne japanarane.*

– Eg hadde ikkje større problem med å skrive enn at Halvor Elvik heime på desken kunne tyde kva eg skreiv. I tillegg skreiv eg altså raskt, men det kunne ikkje japanarane.

Problemet med japanarar er at dei har så rare teikn. Det var sørkoreanarane som hadde hatt ansvaret for den japanske kommunikasjonen, men dei hadde også reist.

– Skal du transkribere japanske teikn til vårt alfabet, vert kvar setning frykteleg lang. Og plutselig dukka det opp 200 japanarar som ville bruke våre maskiner. Det var då krigen i krigens oppstod, vi kvite stod kring dei to maskinene og slo og slo på japanarane. Det treng vi altså ikkje lenger, takka vere Internett.

BRYNE HAR SKRIVE ei rekke bøker, men hovudfaget i historie har han enno ikkje av-

slutta. Til liks med så mange i den generasjonen fekk han arbeid før det var avslutta.

– Fyrst var eg assisterande hotellsjef på det som var Nord-Europas største hotell med 1100 senger og restaurant, studentbyen på Sogn. På restaurangen nytta eg elles Gudleiv Forr som hovmeister. Han var ikkje så verst flink til å servere. Så fekk eg ein jobb i boligavdelinga i Studentsamskipnaden, men etter kort tid vart eg lei og sökte arbeid i Associated Press (AP) her i Oslo. Eg fekk jobben.

På julebordet til AP kom sjefen til Bryne bort til den unge jærbuen.

– «Arvid, do you know why I hired you?» spurte han. «Det er vel fordi eg er så kjekk og pen, og i motsetnad til ein del andre kan å kle meg,» svarte eg.

– «Nei, det var fordi du hadde den best oppsette søknaden der ikkje eit ord eller slag var feil.» Eg svarte: «Det må du ikkje seie til meg, sei det til sekretären min i samskipnaden.» Men eg lærte fantastisk mykje på AP, kvar natt kunne eg omsette og skrive 14-15 saker. Eg lærte å skrive kort, raskt og poengtrent.

Så kom telefonen fra Dagbladet. 32-åringen Bryne var komen heim.

– Dagbladet har vore ein fantastisk arbeidsgjevar. Eg elskar den avisa. Når folk vart spurta om kva det mest fantasiske dei har opplevd er for noko, svarer dei bryllaupsdagen eller den førsteføddde. Eg svarer: «Den første dagen eg sat i ein Saab på veg ut frå garasjen i Pilestredet på veg til mi fyrste reportasje for Dagbladet.» Det var då det, seier Bryne så trist at eg tingar ein karaffel til med kvitvin med von om at Forskarforbundet tek rekninga.

– Då eg byrja var Dagbladet så stort eller lite at alle avdelingar hadde plass rundt bordet til redaktør Storsletten. I dag er det fleire mellomleiarar enn heile redaksjonen i 1970.

– *Men til gjengjeld drakk dei mindre enn kva de gjorde.*

– Det var eit fantastisk miljø. Når det skar seg for nokon, og det hende nok av og til at nokon vart borte grunna ei fyllekule, så mobiliserte alle for å trekke vedkomande opp og attende til arbeid. Det seier seg sjølv at noko slike ikkje går i dag.

DÅ ARVID BRYNE BYRJA i Dagbladet var det éi yrkesgruppe som hadde kortare levetid enn fiskarar, det var journalistar. No lever journalistar lengre enn gjennomsnittsfolkesetnaden. At Arve Solstad gjekk av som sjefredaktør auka nok leveralderen med fleire år.

– *For han gjekk der og brølte og skremte dykk sunder og saman?*

– Han brølte ikkje, han bura. Solstad var ein fantastisk leiar. Eg var i Amerika frå 1981 til 1985, og då eg kom heim vart eg utanriksredaktør. Kvar morgon møttest vi i leiaravdelinga på kontoret til Arve. Han var som fleire av oss andre ofte bakkfull, men han var heilt utruleg til å få fram synspunkt på det som måtte verte dagens Dagblad-tema. Han kasta ut ein ball, ordet gjekk rundt, så oppsummerte han. Arne Skouen sat der, Simen Skjønsberg, John Hjalmar-Smith. Det var utruleg flinke folk. I tillegg kom dei unge, Gudleiv Forr, Arne Finborud og for ikkje å

snakke om Per Vassbotn.

– *Eg tykte i grunnen aldri at Vassbotn var ein slik strålande skribent.*

– Det kan ikkje eg seie. Men han var ein luring. Eg var vaksjef då Per kom bort og presenterte regjeringa til Oddvar Nordli. Dagen etter viste det seg at alle var rett. Ikkje ein minister mangla. Dagbladet var áleine om den saka. «Korleis greier du dette?», spurde eg. «Fyrst tek eg femti telefonar, så tek eg hundre til», svarte han. Fyrst seinare vart ein viss møbelhandlar på Jessheim avslørt.

For som vi veit, Reiulf Steen var ikkje áleine om å snakke med møbelhandlar Arvid Engen. Det var visst berre ein i Ap som ikkje ringde til Romerike. Då dei tette banda mellom Engen, Vassbotn, Steen, Nordli og kva dei no heitte alle, vart avslørt, spurde ei dame frå Bygdøy: «Denne møbelhandleren oppe på Jessheim, hvem er det?» Ho tok over etter Nordli. Og Vassbotn og delvis Dagbladet miste for ei tid truverdet.

– Så kom Sissel Benneche Osvold. Ho var ei vitamininnsprøyting. Ikkje alle kvinner som er kome etter henne i leiaravdelinga har vore like naudsynte.

Her nekta Bryne å namnge Eva Brattholm.

– Klart det må vere kvotering og kvinnelege leiarar. Men då ein kvinneleg kulturredaktør fatta avgjerda om å ta bort dagens dikt utan at sjefredaktøren slo i bordet, var det eit katastrofalt teikn. Ein vaken sjefredaktør skal stogge slikt, må stogge slikt. «Gje no faen, held opp,» skulle han seie, og sa det ikkje.

MEN SÅ VERT SPØRSMÅLET: Kven var det som tok avgjerda om at Dagbladet skulle verte eit folkekjyreleg SV-organ, utan kantar, utan kunnskap, utan brodd og med julefeitet – eller var det balsamico-eddik – rennande ned etter kjakane? Som Bryne sjølv sa det nyleg i eit intervju i Dag og Tid.

«Eg opplevde på trikken at ein heilt framand kar kom bort til meg og krølla avisaman framfor meg og sa at han ville ha seg fråbeden å vera tilboden slikt primitivt stoff. Førstesideoppslaget den dagen var: «Slik lager du julematen». Frå den dagen tok eg til å skamma meg over dumskapen, medan eg tidlegare oversåg førstsidene og gløymde dei før eg var komen til side fire. For meg sjølv har eg laga det optimale DU-oppslaget i Dagbladet: «Slik hjelper du deg!»»

Vi får gå ut i frå at illustrasjonen ville vere ei lettkledd dame, eller kanskje ein lettkledd mann, sidan målgruppa er unge kvinner med bokklubbmedlemskap. For som kjent har Dagbladet fortalt oss at både kjønn masturberer.

Her byrjar Bryne å snakke om alle dei med hovudfag, alle dei med doktorgrad, alle forskarane i Noreg.

– Berre tenk på forskingsstoffet, alt det fantastiske som skjer på den fronten berre i Noreg. Kvifor skriv vi (her gløymer Bryne at «vi» no er «dei») ikkje meir om det på ein vettug måte i staden for obskure meldingar om såkalla oppdaginger på sexfronten. Eg har lenge hevdha at Dagbladets framtid ligg i det såkalla «up market». Tenk kva vi kunne

ha betydd dersom vi berre tok inn litt meir kvalitetsstoff. Men kvar gong nokon etterspør slike, ber leiinga marknadsavdelinga om ein analyse. Svaret er alltid det same: «Lesarane vil ikkje ha det». Eg derimot trur faktisk folk når dei svarar at det stoffet dei vil ha meir av, er utanriksstoff og analyser.

- Men det var dette spørsmålet om kven som bestemte at Dagbladet skulle få ein SV-profil?

- Kva gjorde Thor Gjermund Eriksen før han vart redaktør?

- Bytta genserar på Eirik Solheim?

- Kvifor spør du då? Men det har skjedd noko mykje verre, KFUM-iseringa. Langsamt og gradvis er avisas vorte erobra av KFUM-arar. Eg veit at Harald Stanghelle aldri har vore medlem av KFUM. Eg skal ikkje stakkarsleggjere Stanghelle, men han var med på å stanghellifisere avisas. Han slapp til folk som Esten Sæther, den tidlegare KFUM-trenaren, som sportsredaktør og seinare som nyhenderedaktør. Det er mange KFUM-folk, eg veit ikkje om det er rett, som det er vorte hevda, at der har vore andaktar i Dagbladet.

- Men slike roystar vel SV?

- Ja då, kjekke folk, ufarlege folk. Eg vaks opp hjå pietistisk indremisjonsfolk, eg veit kva dette handlar om. Eg gjekk og spurde far min om eg kunne få ei krone for å gå å sjå «Gategutter». Eg fekk melding om at kino var synd. 100 år etter sit eg ved sidan av Arne Skouen på morgonmøta og fortel han dette. Han lo godt. Dette har vi ufarleggjort. I tillegg hentar vi

ikkje dei beste skribentane lenger, i staden let vi dei best gå. Rolf Widerøe, den mest hardtslåande nyhendejournalisten i VG, fekk ikkje tilsetting i Dagbladet. Døma er legio.

LIKEVEL, VI LEVER I EI TID då det meste er tillete, det meste vert tiljubla, vi er vortne det Dagbladet ynskte vi skulle verte, små, glade kulturradikalalar. Kva står att, Mulla Krekar?

- Dette har eg lytt til å seie noko om. Kva kunne ha vore kontroversielt i vår tid? Mitt postulat er at verda har gått og går framover. Det som drap Noreg før var pastor Møll. Han er død. No pular ungdom for ope kamera. Klart det er vanskeleg. Vi er alle ein del av massekulturen, men det tyder ikkje at vi heile tida må skrive om Idol. Ja, vi skal skrive om Idol, men ikkje som dei siste åra, berre skrive om Idol.

Så var det framtida då. For nokre år sidan var Bryne i Jerusalem saman med Thorvald Stoltenberg. Bryne var frustrert over at Dagbladet ikkje ville prioritere utanriksstoffet høgare. Før han la seg, gjekk han opp til klagemuren.

- Eg var småfull. Eg skreiv på lappen. «Gud fri meg for idiotiske redaktørar». Så la eg meg. Morganen etter vart eg vekt av telefonen. Det var ein kollega som spurde om eg hadde hørt nyhendet? «Kva nyhende?» spurde eg. «Heile redaksjonsleininga har gått av». Av og til vert ein bønnhøyrd. Det er von enno.

- Vert det vanskeleg å slutte å skrive?

- Det vert umogleg. Eg har i fem år no redigert Dagboka og skrive «I dag snakker vi om». Eg har vore den journalisten i Dagbladet som har skrive mest. No er sida nedlagt, ho var den mest lesne sida i Dagbladet. Den dagen Arne Skouen fylt 83 år, ringde eg for å gratulere han. Han sa livet var for jævlig. Fyrst låg han vaken i senga i tre timer utan å stå opp, han ville ikkje vekke kona. Så gjekk han ut på trappa og henta inn avisene. Medan han åt frukost tenkte han: «Dette må eg skrive om, det her må eg ta opp.» Men kvar dag gjekk det så opp for han: «Jammen eg kan ikkje skrive om dette. Eg har gått av». Forferdeleg. Eg har elska jobben min.

Så tek vi farvel med endå ein grunn til ikkje å lese Dagbladet.

**Av Jon Hustad**

**«Langsamt og gradvis er avisas vorte erobra av KFUM-arar. Eg veit at Harald Stanghelle aldri har vore medlem av KFUM. Eg skal ikkje stakkarsleggjere Stanghelle, men han var med på å stanghellifisere avisas.»**

## Stillingsannonse i Forskerforum?

Forskerforum med sine 16.000 mottakere er det mediet i Norge som når flest ansatte i utdannings- og forskningssektoren.

### Utgivelser høsten 2005:

- Nr 8 31. januar
- Nr 9 28. februar
- Nr 10 31. mars

### For nærmere opplysninger og bestilling av annonseplass:

Forskerforum  
v/ Arne Aardalsbakke  
Tlf: 64 87 67 90 / mobil: 900 43 282  
Faks: 90 49 65 21  
E-post: [forskerforum@c2i.net](mailto:forskerforum@c2i.net)

**Forskerforum**

TIDSSKRIFT FOR NORSK FORSKERFORBUND

**FORSKER  
FORBUNDET**

## Forskerforbundets jubileumsstipend

I forbindelse med at Forskerforbundet i høst feirer sitt 50-årsjubileum, vil vi dele ut 4 stipend á kr 25.000. Stipendene vil bli trukket ut blant våre medlemmer, fordelt som følger:

- To stipend trekkes ut blant medlemmer som er ansatt i rekrutteringsstilling.
- To stipend trekkes ut blant medlemmer som melder seg inn i perioden 01.01. - 31.10.2005.

I begge kategorier trekkes én kvinne og én mann. Trekning av stipendene foretas 1. november, og de vil bli overrakt på Forskningspolitisk seminar 8. november 2005.

Stipendene kan bl.a. brukes til:

- Reiser; kurs, studiecoppold, konferanser etc.
- Utgifter til vitenskapelig utstyr og drift
- Innkjøp av faglitteratur, databaser etc

**Meld deg inn nå, og delta i trekningen!**

[www.forskerforbundet.no](http://www.forskerforbundet.no)

# Innhyller EU

Entusiasten Mark Leonard hyller EU som politisk prosjekt. Det handler om fred og for treffelighet, hevder han i en hyllest som er mulig fordi han hyller det hele inn i honnør ord og kosmopolittiske verdier.

**B**RITISKE MARK LEONARD arbeider til daglig i tenketanken Center for European Reform (CER), som Financial Times mener får stadig mer innflytelse over politikken. Men det er ikke bare EU og Storbritannia han holder seg til. Han ble i uhyrlig ung alder brukt som strateg for den engelske stor-reformen i deres lands image da han var i tenketanken Foreign Policy Center. På kort tid fikk landet ny giv med merkelappen "Cool Britannia" som nøkkelord for en ny, positiv imageeffekt. Deretter hyret norske UD Mark Leonard for å brande Norge, i et prosjekt i to faser. Til tross for at CER forklarer seg som pro-, men kritiske til EU, er Leonard travelt opptatt med å brande EU i sin siste bok. Hans entusiasme over "Eurosferen" (EU-medlemslandene, Nilslandene (Norge, Island, Luxembourg) og land EU samarbeider med) er stor. Kjernen i argumentasjonen for at EU kommer til å regjere de neste hundre år, er at selve modellen EU arbeider med, er så kløktig, effektiv og velstandsbringende at andre land ikke kan motstå fristelsen til å arbeide på samme måte. Blant annet mener Leonard at EUs bruk av lover og regler ikke er eurokrater som bedriver regelrytteri, men effektiv styring av andre land. Potensielle medlemsland må inkorporere regelsettet i sine lover, dermed blir de selvstyrende, sier Leonard, og viser til dette som et Michel Foucaults "panopticon" - fengselet hvor de innsatte aldri vet om de blir overvåket eller ei, og dermed overvåker seg selv. Slik blir Europa så homogent som det trenger, slik trives handelen - og slik imponeres de over den ganske verden. Leonard arbeider via CER mye i Kina, og mener ett mulig scenario er et "Europeisk Kina" som lar seg inspirere av EU-modellen. Men det er avhengig av at gigantnasjonen endrer seg, mener Mark, og får en "ny etikk om globalt ansvar". Dette er tydeligvis et europeisk trekk. Det er i hans bok i hvert fall ikke et amerikansk.

FOR DET ER EU SOM motvekt til USA som gjennomsyrer Leonards framstilling. Hva den Europeiske visjonen faktisk består av ut

over å være en motmakt til den nordamerikanske dominansen, blir bare sjablongaktig gjengitt. Noen ganger ligger han heller ikke

så langt unna USA som han gjerne vil: "Force may be necessary to defend European values," medgir briten sober, og den gigantiske blindflekkens formuleres som følger: Europeisk militær aktivitet "is above all about changing the fabric of a war-torn society. It is, in fact, about peace." Våpenhandel nevnes ikke med et ord. Når Leonard ser seg nødt til å ta opp massakren i Srebrenica og krigen på Balkan, er det humanitær intervension som dominerer, mens motstandsbevegelser som Otpor glemmes, eller gjemmes bort, til tross for at motstandsbevegelsen spilte en sentral rolle for å løse krisen i Serbia.

Leonard etterlyser historikere, ikke journalister. De brysomme journalistene farger alt i sensasjonslyste oppslag, mener han, der man kan bli forledet til å tro at ordene "Europa" og "krise" hører sammen. Vi må i stedet løfte blikket, maner han, og se *the great scope of things!* Et fredelig Europa, hvor krig mellom stater er en utenkelighet! Utropstegn kunne bli satt ved vel mange avsnitt i hans bok. Og man skal gi han rett: I det store bildet har EU oppnådd mye fred og fordragelighet seg i mellom. Men vi trenger ingen hyllest. Vi trenger kritisk blikk på *Festung Europa* med sin inhumane flyktningpolitikk. Og Tysklands svimlende tall av arbeidsledige, den svært reelle skepsisen blant Frankrike og Nederlands borgere over arbeidsinnvandringens effekter på erodering av sosiale rettigheter er ikke alltid spesielt godt kontekstualisert. Spesielt ikke hvis man kniper igjen øynene for det mange ser som et nyliberalistisk prosjekt. "Europe's greatest gift is choice," sier Leonard i sin bok. Er det sant? EUs konkurransekommisær holdt nå i september en tale der hun kritiserte Frankrike for proteksjonisme - fordi franskmenne har utpekt ti sektorer landet ønsker å beskytte fra konkurransen. Ett av Frankrikes argumenter er at selskapet Danone ikke skal bli kjøpt av Pepsi-selskapet, som Klassekampen skrev den 7. september. EU-kommisären advarte på det sterkeste mot denne "økonomiske patriotismen".

LEONARD VISER PÅ SIN side en regional patriotisme hvor begeistring over EU overgår det meste av det man vanligvis kan lese. Det kan riktignok skimtes en tongue-in-cheek i det Leonard skriver om en europeisk union hvis eksistens drives av et forsøk på å skape "a paradise on earth

Mark Leonard  
*Why Europe will run the 21st century*  
Fourth Estate, London and New York 2005  
170 sider



Vi trenger ingen hyllest, men et kritisk blikk på *Festung Europa* med sin inhumane flyktningpolitikk, mener anmelderen. (Foto: EU)

for the existing generation." Jo da, han har glint i øyet, unge Leonard, i sin "friske" polemikk og "dynamiske" påståelighet som vi også ser i tittelen, men fundamentalt mener han dette. Geopolitiske interesser, finansielt foretrukne modeller som legger press på medlemsland og internasjonal makt er i Leonards bok altså dekket over av et teppe av "europeiske verdier". Heldigvis for Leonard har verdiene også materielle goder - bare ett eksempel er at i Europa bugner butikkene av felleseuropéiske varer. Leonard viser til at han på kosmopolittisk vis kan kjøpe fersk pasta fra Italia, franske øster og dansk skinke. Fettucini og soppasaus har erstattet pølser og bønner, kremer han stolt. Her er det på tide å lukke Leonards bok og håpe han en gang husker at flere av hans landsmenn har mer anstrengende hverdagsøvelser enn å spanskulere omkring og velge mellom mat forkledd som kulturelle markører i et sosialt hierarki. Kanskje hans norske meningsfeller også kunne forsøkt å kaste et klasseblikk på seg selv - er det mulig at EU-entusiasmen kan ha større nedslag hos et spesielt sjikt av europeere, de som gjerne vil assosiere seg selv med det å ta en espresso i Roma, enn å innta pølser og bønner?

**«Jo da, han har glint i øyet, unge Leonard, i sin «friske» polemikk og «dynamiske» påståelighet.»**

Av Karin Haugen

# Brox mot dei politisk korrekte

Gode bøker bør ikkje ha därlege avslutningar.

**F**YRST EIN FREISTNAD på ei ærleg broxiansk analyse. Også denne meldaren har nytt seg av polske handverkarar. Kona og eg har nett kjøpt eit størr mellomklassehusvære med sterk trøng for oppussing på Oslo vest. Ingen norske handverkarar kunne kome på dagen, det kunne derimot tre polakkjar som takka vere EØS kan drive eit lovleg firma i Oslo. Polakkane gjorde ein strålande jobb, arbeidde 16 timer i døgeret og var ferdig før avtalt tid. Kostnaden var om lag litt under halvparten av tidlegare norsk minstestandard.

Vi er ikkje åleine i Oslo om å ha nytt oss av polakkjar. Karane som vi brukte meinte at det no er om lag 30 000 polske handverkarar i Oslo-regionen. Kva er så konsekvensen av dette? Jau, mellom anna at norske firma ikkje tilset lærlingar og lågproduktiv arbeidskraft. Den nospakistanske 18-åringen frå Holmlia kjem seg ikkje i lovleg arbeid, og vil på sikt, i lag med tusenvis andre, hamne i arbeidsløyseksjon og så ende opp som ufer.

Med dei gunstige trygdeordningane vi har i Noreg vil det verte dyrt for kona og meg. Vår objektive klasseinteresse tilseirer då at vi vil skjere ned på dei offentlege overføringsane og røyste i samsvar med det ynsket. Dette vil så tvinge nospakistanaren til å ta seg arbeid som er langt lågare betalt enn kva den reelle norske minstelønna i dag er - om lag 90-100 kroner timen. Det vil verte eit ras mot botnen av lønsstigen, arbeidarklassa vil verte mykje større og fattigare og kona og eg mykje rikare.

IKKJE EIN AUGNEBLINK ville Ottar Brox finne på å moralisere over at personar som meg tenkjer slik. Mennesket som einskildindivid vil med god grunn alltid tilpasse seg dei rådande strukturane, hevdar Brox og skriv altså ikkje i den norske godskapsdiskursen. Den gamle sosiologiprofessoren seier han har skrive denne boka for venstreradikale, han vil ha dei til å opne auga for kor hjelplaust naivt det er åtru at ein kan oppretthalde ein velfungerande velferdsstat samstundes som ein ynskjer at utlendingar skal få meir eller mindre fri tilgang til Noreg. Brox hevdar han skriv frå innsida - han er sjølv venstreradikalar. Eg trur Brox på dette siste, men samstundes kan eg ikkje dy meg for å samanlikne han med dei store norske konservative tenkjarane. For her er det ikkje rom for naive venstreside tankar og marxistisk internasjonalitet:

Nei, velferdsstaten kan ikkje vere overnasjonal, den er per definisjon avgrensa. Nei, det var ikkje medviten Arbeidarparti- eller LO-politikk som avskaffa byfattigdomen, det var det mangelen på arbeidskraft i etterkrigsåra som gjorde. Nei, ein hjelper ikkje fellesskapen gjennom å tilsette ein ung pakistanar som

vaskehjelp når konsekvensen per definisjon må verte at ei eldre dame verte tvinga ut i uføretrygd. Og nei, det er ikkje rasisme som gjer at norske arbeidsgjevarar føretrekker norsk arbeidskraft, det er rein fornuft.

*Arbeidskraftimport.  
Velferdsstatens redning  
- eller undergang?*

Pax forlag 2005

197 sider

Brox' bok byggjer på ei enkel tese: Det er arbeidstakarane som tener på at arbeidskraft er eit knapt gode. Det er difor NHO, Høgre og liberalistane vil ha auka arbeidskraftimport, dei vil ikkje at løningane skal verte tvinga opp. Noreg er i dag det landet i Europa som relativt sett tek i mot flest innvandrarar. I eit slik system vinn overklassen, og dei godt utdanna mellomlag. Alle andre taper, og særleg taper dei innvandrarane som alt er komme til Noreg, dei vert utkonkurrerte og hamnar på trygd. Og når det skjer, taper velferdsstaten. I dag vaskar ei vaskehjelp i Oslo dobbelt så mange kvadratmeter per dag som for tretti år sidan. Dette tener Olav Thon godt på, vi andre som altså må betale trygdene til dei som ikkje maktar presset, taper - "privat gain, public cost". *Arbeidskraftimport* er ei viktig bok. Som Brox sjølv gjentekne gonger har sagt det: Ikkje på noko anna felt har norsk venstreside vegra seg så mykje mot kunnskap som på feltet arbeidskraftimport. No er all naudsynt informasjon samla i ei bok. Vona må vere at til dømes Jens Stoltenberg les henne. I fullt alvor hevda han under årets valkamp at "Norge har alltid ført en restriktiv innvandringspolitikk," og det samstundes som vi ligg på fem på topp-lista over legal innvandring i den vestlege verda.

EG SKREIV TIL Å BYRJE med at Brox er ærleg. Difor er eg skuffa over slutten. Der tek han til orde for å seie opp EØS-avtalen, men å halde fram med å tillate henteekteskap - ungdomen frå Holmlia bør få gifte seg med tremenningen frå Punjab, seier Brox. I dei komande åra vil Noreg etter alt å døme ta i mot 40- til 80 000 henteektfellar frå foydale område, Pakistan, Marokko, Tyrkia og Irak.

Lenge før EØS var Brox motstandar av arbeidsinnvandring, no er han plutsleig vorten taktisk. Ja, vi skal ta imot slike innvandrarar som den "gode" venstresida er for, men halde ut dei andre, det vil seie dei frå områda i verda som det går nokolunde bra i. Ei slik haldning er ikkje logisk om det verkeleg er velferdsstaten Brox er ureleg for. Arbeidskraftimport frå den vestlege verda, eller for den del Kina, Sri Lanka eller Vietnam, utkonkurrerer nok lågproduktiv norsk arbeidskraft, men menneske frå desse kulturane vert ikkje trygda i særleg grad.

Her er vi framme ved ein stor veikskap i Brox' analyse, han tek ikkje med den kulturelle dimensjonen, analysen er einsidig klassebasert. Eg har Brox mistenkt for her å vere

politisk korrekt. Han held att. Faktum er, som Brox sjølv skriv, at under 20 prosent av irakarane og somaliarane i arbeidsfør alder er i dag i arbeid i Noreg, over 60 prosent av tamilane, derimot, hevar løn. Tala er endå betre dersom vi ser på innvandrarane som kjem frå den vestlege verda.

